



# ÅRSMELDING 2016

ME LØFTER I LAG

# Innhald

Rådmannen si innleiing ..... 4

Dette er Hå..... 6

*I dette kapittelet gir me eit overblikk over Hå, visjonen og verdiane, dei viktigaste måla frå kommuneplanen og kva som skjedde i 2016. I 2016 har vi sett låg bustadbygging, auke i talet på personar utan arbeid, men ein liten auke i folkeveksten gjer at vi framleis har god tru på framtida!*

Slik styrer vi.....18

*I dette kapittelet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. 2016 har vi betra arbeidsmåtar og –miljø på mange vis. Endringar er gjort i organisasjonen, på måten vi møter innbyggjarane, vi har gjort fleire brukarundersøkingar og arbeidet med beredskap (ROS) har stått høgt på sakskartet.*

Dette leverer vi .....38

*Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennande ting skjer. I denne delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og i stabsumrådet.*

Opplæring og kultur.....39

*Barnehagebruksplanen og skulebruksplanen er reviderte og dannar grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering. Det er laga plan for kvalitet og innhald i barnehagane. I Jærskulen har det vore særskilt fokus på barna og elevane sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.*

Helse- og sosialsaker .....50

*I 2016 har det vore stor aktivitet med fokus på utvikling av leiarkompetanse og styrking av samarbeidet mellom avdelingane og andre tenesteområder innanfor kommunen.*

Tekniske saker og næring .....59

*Arbeidet med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur, bustadomter og næringsareal i Stokkalandsmarka vart påbyrja i august 2016. Flaumkartlegging med prioritering av tiltak av dei største tettstadene i kommunen vart overlevert kommunen. Det skal utarbeidast sentrumsplanar for alle tettstadene i kommunen, på Nærø legg vi opp til ein ny medverknadsprosess - gjestebodmodellen.*

Administrasjonen.....	71
-----------------------	----

*I 2016 fortsette vi arbeidet med å møte innbyggjarane på ein betre måte og gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service.*

Framtidsutsikter.....	77
-----------------------	----

*Stø kurs, redusert fart» er overskrifta for budsjettet 2017 og økonomiplanen 2017-2020.*

*Strammare økonomiske rammer gjorde at ein ikkje kunne auke tenestetilbodet i 2017 slik det var lagt opp til i førre plan, og investeringane framover i tid blei kraftig redusert. Fokus er på sambruk og gjenbruk. For å vere i forkant av endringane som kommer har rådmannen sett i gang «Framtidsløftet»*

Årsresultat.....	80
------------------	----

*Resultata frå 2016 syner at kommunen framleis har stø kurs framover. Vi leverer nok eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Folketilveksten er lågare enn det me trudde på når kommuneplanen blei utarbeida, men med 1,1% er den blant dei høgaste i fylket.*

Noter til årsresultatet .....	90
-------------------------------	----

# Rådmannen si innleiing

Hå kommune har god økonomistyring med eit overskot på 45 millionar kroner, og eit netto driftsresultat på 5,8%. Det er eit godt resultat å ha med seg vidare med omskiftelege tider og dei statlege rammene er reduserte.

Budsjettet for 2016 hadde overskrifta «Stø kurs framover». Når vi starta arbeidet med økonomiplanen for 2017 – 2020 hadde vi fått signal om lågare rammer. Saman med faktorar som auka arbeidsløyse, integrering av flyktningar og ein lågare befolkningsauke såg vi at det var trond for å ta ned aktivitetsnivået og begynte med ein gang å redusere farten. Tittelen på budsjettet er «Stø kurs, redusert fart» og omstillinga vi begynte på syner igjen i eit overskott.

Driftsresultatet for 2016 blei på 81 millionar kroner, noko som er 5,8 % av driftsinntektene. Det er betre enn forventa på grunn av høgare skatteinngang i landet, meir tilskott og refusjonar, og ikkje minst god økonomistyring i alle tenesteområda.

## Store prosjekt og planar

I 2016 har det vert jobba mykje med store bygg- og anleggsprosjekt. Bø skule og Motlandsmarka barnehage blei ferdigstilt og opna. I tillegg pågår arbeidet med nye Ogna skule og parkering ved Hå sjukeheim. Stokkalandsmarka blei påbegynt og er eit viktig strategisk satsingsområde for Hå kommune og heile regionen. Vi har jobba mykje med prosjekt i Opstadvegen på Nærø og Søra Subagata på Vigrestad innanfor vatn og avløp.. Mange planar har blitt lagt fram som; utbyggingsplan for Stokkalandsmarka, skulebruksplanen, barnehagebruksplanen, kvalitetsplan for barnehagane, tilstandsrapporten for Jærskulane, brannordning for Hå kommune og kommunedelplan for Nærø sentrum.

## Kommunereforma

Våren 2016 blei det jobba mykje med kommunereforma og arbeidet rundt Jæren kommune. Med ei valdeltaking på 60,1 % der 74,5% svarte nei til Jæren kommune var innbyggjarane i Hå tydelege på at dei ønska at Hå kommune skulle bestå som eigen kommune.

## Framtidsløftet - fornying, forenkling, forbetring

Hå-samfunnet, og verda rundt oss, forandrar seg stadig raskare. For å møte utfordringane i framtida må vi forenkle, fornye og forbetra oss. Dette har vi kalla *Framtidsløftet*.

Dette året har vi fått på plass ny IKT-strategi som peiker ut retning for arbeidet framover og som har digitalisering som hovudretning. Vi har satsa mykje på digitale løysingar for å gi best mogeleg service og informasjon ut til innbyggjarane våre.

For å bli enda tydelegare i kommunikasjonen vår med innbyggjarane har vi sett opp eit eige klarspråkprosjekt som blir kalla *HÆ*. Vi håper med dette at vi kan auke kunnskapen og bevissttheita om korleis vi i kommunen kommuniserer med innbyggjarane og andre med eit enda tydelegare språk. Vi håper det blir mindre *HÆ* i Hå! I 2016 fekk vi også på plass ei meir

funksjonell nettside. Den er vi godt nøgd med – vi jobbar heile tida med å forbetre kommunikasjonen ut til innbyggjarane.

Servicetorget: 2016 var det første heile året der dei mest publikumsretta tenestane frå dei ulike tenesteområda, og mest frå teknisk, har vært samla på ein stad slik at innbyggjarane lett kan få svar på det dei lurer på.

Leiarforum er eit viktig strategisk forum for alle leiarar med resultatansvar i organisasjonen. Det er totalt ca. 80 stk. i tillegg til dei hovudtillitsvalde. Leiarforum blir arrangert fire gonger i året og er ein viktig møteplass for leiar- og organisasjonsutvikling.

### **Sjukefråvær**

Det er gledeleg at sjukefråværet går ned i Hå og dermed fleire folk er på jobb kvar dag. Det samla sjukefråværet for Hå kommune blei 6,1% i 2016 mot 6,7% i 2015 og 7,7% i 2014. Dette er ein reduksjon på om lag 9%. Samanlikna med 2014 er fråværsnivået redusert med drygt 20%. Satsingsprosjektet i barnehagane har vist svært positive resultat, samanlikna med 2014 er det samla fråværet redusert med om lag 25%. For foreldra og barna som nyttar tilboda i barnehagane betyr det at dei kvar dag møter fleire kjende ansikt. Barnehagane rettar no fokus mot førebygging og helsefremming.

Eg vil med dette takka alle medarbeidarar, hovudtillitsvalte og politikarar for eit godt samarbeid og for at me løfter i lag til det beste for innbyggjarane i Hå kommune.

Anne Berit Berge Ims  
Rådmann



Foto: Anna Nesvik

# Dette er Hå

I dette kapittelet gir me eit overblikk over Hå, visjonen og verdiane, dei viktigaste måla frå kommuneplanen og kva som skjedde i 2016. Hå er – og skal fortsette å vere – ein god kommune å bo, leve og arbeide i. Resultata frå 2016 syner at kommunen fortsatt har stø kurs framover. Vi leverer nok eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Det er også utfordringar framover. Nedgangen i næringslivet regionen pregar også Hå. I 2016 har vi sett låg bustadbygging, auke i talet på personar utan arbeid, men ein liten auke i folkeveksten gjer at vi framleis har god tru på framtida!.

## Visjon og verdiar – Me løfter i lag

Året vi har bak oss er det andre året med visjonen – Me løfter i lag. Denne har «satt seg» i organisasjonen, og blir aktivt brukt internt og eksternt.

Stadig fleire krav og strammare rammer for kommunale tenester gjer omstilling nødvendig på alle nivå i organisasjonen. Dette krev kompetanse på endringsleiing. Vi har fortsatt å arbeide med dette gjennom leiarforum og leiarutviklingsprogram. Vi har eit heilt driftsår med servicetorg og vi arbeider med nytenking og innovasjon i heile organisasjonen. Slik kan vi saman løfte i lag gjennom verdiane open, driftig og stolt. I 2017 blir dette samla i «Framtidsløftet». Rådmannen ser behov for å ha ein felles strategi for endring – effektivisering og økonomisk innsparing.

## Slik står det til i kommunen

Gjennom Kommuneplanen 2014 - 2028 har kommunestyret bestemt at Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Dette målet har vi nådd også i 2016. Driftsresultatet er 5,8 % av driftsinntektene mot målet som er satt på 1,5%. Dette gjorde at vi også i 2016 kunne legge pengar til side. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2016 var på 184 millionar kroner noko som er 13,3% av driftsinntektene. Årsresultatet og utviklinga blir grundig gått gjennom i kapittellet «Årsresultat»

Millionar kroner	Rekneskap					Budsjett
	2012	2013	2014	2015	2016	2016 *)
Driftsinntekter	1 117,0	1 187,0	1 226,0	1 296,0	1 390,2	1 295,6
Driftsutgifter	1 021,0	1 141,0	-1 195,0	-1 243,0	-1 327,0	-1 322,8
Finansposter	-5,0	-4,0	-6,0	-18,0	-35,3	-34,0
Driftsresultat	90,0	84,0	71,0	86,0	81,3	-7,8
Avsetningar	-77,9	-66,0	-38,0	-51,0	-37,0	7,8
Overskott	12,0	18,0	33,0	34,0	45,5	-
<b>Driftsresultat i % driftsinntekter</b>	<b>8,1 %</b>	<b>7,1 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>0,0 %</b>
Innbyggjartal ved utgangen av året	17 635	18 115	18 528	18 591	18 800	

\*) Budsjett inkl. endringar

Driftsresultat i 2012 og 2013 inneheld MVA kompensasjon for investeringar

## **Samfunnsutvikling**

*Hå har hatt ei raskt veksande befolkning, og kommunen har ei omfattande utbygging av både tettstader, næringsareal, fritidsbusetnad og andre anlegg som er viktige for samfunnet. Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessene er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventa veksten i regionen, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfold og kulturlandskap.*

*Hovudmål for samfunnsutviklinga:*

- Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfold og kulturlandskap.

*Overordna strategiar for å lukkast:*

- Detaljere langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfold og kulturlandskapet.

## **Kommuneplanen**

Kommuneplanen handlar om kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen. Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi som tar sikte på å detaljere langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innafor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk.

Hovudmålet med planarbeidet er å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast. Det blir sett som avgjeraende at fortettings- og transformasjonsdelen blir verande høg samtidig som kommunen sitt bustadprogram tar sikte på å dreie mykje av veksten mot Stokkalandsmarka. Til grunn for dette er det lagt at trafikkauka denne utbygginga vil medføre delvis kan løysast ved at trafikken kan leiast ut på eit overordna vegnett utanom tettstadene samtidig som jernbanen utgjer ryggraden i kollektivsystemet på Jæren. Ei vidareføring av dobbeltsporet og flytting av jernbanestoppet på Brusand kan bidra til å løyse bustad- og transportbehovet i kommunen, samtidig som det kan bidra til langsiktig vern av prioriterte landbruks-, natur- og kulturvernområde.

## **Planstrategi 2016-2019**

Etter plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, vedta ein kommunal planstrategi. I planstrategien skal kommunestyret mellom anna vurdere om kommuneplanen skal reviderast og kva andre overordna planarbeid som skal utarbeidast i valperioden. Kommunestyret vedtok 15. september 2017 ny planstrategi 2016-2019.

Kommuneplanen har vore gjeldane i ca. to år. I tida etter godkjenninga av planen er det lagt ein vesentleg innsats i å implementera visjonen *Me løftar i lag saman med verdiane open, driftig og stolt* i organisasjonen. Sjølv om ein kan sjå forbettingspotensiale når det gjeld

utforminga av samfunnsdelen, er det likevel ikkje slik at utviklinga har gjort innhaldet uaktuelt. Bustadbygging og folketalsutviklinga har rett nok vore vesentleg lågare enn det som vart lagt til grunn. Arealdelen er utforma slik at variasjonar både på kort og lenger sikt ikkje utan vidare gir behov for justering av planen. Arealdelen er vurdert og utforma i eit 40-års perspektiv med god fleksibilitet for tilpassing til ulike vekstalternativ.

Planstrategien konkluderer med at:

*Det er etter dette ikkje tilstrekkeleg erfaring med gjeldande plan eller nye forhold som tilseier at gjeldande kommuneplan for perioden 2014 – 2028, vedtatt i desember 2014, skal reviderast i denne kommunestyreperioden.*

I første omgang skal det utarbeidast ein Utbyggingsplan som kan vere ein bindeledd mellom kommuneplanen og dei årlege økonomiplanane. Utbyggingsplanen inneheld strategiske tiltak tilpassa meir kortsiktige variasjonar i bustad- og næringsutbygging og variasjonar i folkeveksten frå år til år. I tillegg skal det gjennomførast fleire utgreiingar og planarbeid som kan vil danne grunnlag for ein revisjon av kommuneplanen ved starten av neste kommunestyreperiode.

Planstrategien held vidare fram at kommunedelplan for Nærø og Varhaug, trafikk og transportanalyse for omkjøringsveg på Varhaug og Vigrestad, og evaluering av føresegnene til kommuneplanen blir prioritert i inneverande kommunestyreperiode.

Tilpassing av tenestenivået og investeringsbehovet til varierande folkevekst, kan best skje gjennom utarbeiding og behandling av tema- og sektorplanar. Som del av planarbeidet må det då gjerast konkrete vurderingar om for eksempel det er grunnlag for justere forventa folketalsutvikling og tilpasse teneste- og investeringsnivå til dette.

I perioden skal strategiplan for kvalitet i skulane, plan for helse- og sosialbygg, frivillig arbeid, landbruksplan, eigarskapsstrategi for kommunale føretak og arbeidsgivarstrategi utarbeidast.

I tillegg skal kulturminnevernplan, folkehelseplan, ny brannordning, hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp, og heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse reviderast.

I løpet av 2016 fekk Hå kommunen ny Barnehagebruksplan, Skulebruksplan, Kvalitetsplan for barnehagane, Hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp, Utbyggingsplan for Stokkalandsmarka, og Brannordning for Hå kommune. I tillegg blei det starta på arbeide med å utarbeida/revidera Overordna beredskapsplan, Plan for turvegnett, Kommunedelplan Nærø sentrum, og Kulturminnevernplan


## Befolkningsutvikling

Folketalet i Hå nådde 18 880 ved årsskiftet etter ein vekst i 2016 på 209, noko som tilsvara 1,1%. Veksten er lågare enn dei føregåande åra, men er på veg opp igjen. Veksten i 2016 var blant dei høgaste i fylket både i personar og prosent.

Sidan midten av 2000-talet har Hå opplevd ein svært høg folkevekst, og vi runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Folkeauken har vore spesielt høg i åra fram til 2014. Frå 1. januar 2010 til 31. desember 2014 auka folketalet med 2 186 personar. Folkeauken svara til om lag 2,5%

eller gjennomsnittleg 437 personar i året. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot. 2015 var prega av låg vekst, hovudsakleg grunna negativ nettoflytting. Det er nå enkelte teikn som tyder på at denne trenden er i ferd med å snu igjen.

### Befolkningsutvikling, folkemengd 1. januar 1965-2017



#### Aukande utvandring har gitt svakere vekst

Etter å ha vakse med 209 i 2016 nådde folketalet 18800 ved årsskiftet. Sjølv om det er ei positiv utvikling har særleg aukande utvandring gitt svak vekst enn tidlegare år.

#### Folkemengd og endringar 2012-2016


	2012	2013	2014	2015	2016
Folketalet 1. januar	17 244	17 635	18 115	18 528	18 591
Fødde	284	284	286	261	281
Døde	96	115	112	98	98
Fødselsoverskot	188	169	174	163	183
Innvandring	324	294	294	225	365
Utvandring	62	80	87	112	173
Innflytting, innanlands	695	832	781	661	568
Utflytting, innanlands	754	737	750	869	740
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	203	309	238	-95	20
Folkevekst	391	480	413	63	209
Folketalet ved utgangen av året	17 635	18 115	18 528	18 591	18 800
Folkevekst i %	2,3	2,7	2,3	0,3	1,1

## *Innanlands flyttetap i Hå*

I Hå var det innanlands nettoutflytting også i 2016, det vil seie at det flytta fleire ut til dei andre delane av landet enn det flytta folk inn frå resten av landet. I Hå vart det eit innanlands flyttetap på 172 i 2016 mot ein flyttetap på 208 i 2015. Det har antakeleg samanheng med endringane ein har sett i arbeidsmarknaden i seinare tid, då med ei positiv utvikling siste året.

Nettoinnvandringa frå utlandet var på 192 personar i 2016. Nettoinnvandringa frå utlandet vog dermed opp for eit innanlands flyttetap på 178 personar, og nettoinnflyttinga enda med 20 fleire personar som flytta inn av kommunen enn ut. Folketalet vaks i Hå og dette skuldast hovudsakleg auka innvandring kombinert med høgt fødselsoverskot.

## *Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst*




## *Fødselsoverskot på same nivå*

281 born vart fødde i 2016, 20 fleire enn året før. Det ligg omtrent på same nivå som i dei siste åra. Det døydde 98 personar i 2016, noko som var nøyaktig det same som året før. Fødselsoverskotet på 183 personar var 20 personar høgare enn i 2015.

## *Stabil aldersfordeling*

Aldersfordelinga i befolkninga held seg stabil. Ved årsskiftet var 9% av alle busette i Hå barn under 6 år, mens 15% var 6 til 15 år og 6% 16 til 19 år. 59% av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, mens 8% var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3% av folkemengda.

## **Folkemengd etter alder 31. desember 2012-2016**




## **Størst auke i talet på eldre**

Talet på 0 til 5-åringar minka med 13 frå 2015 til 2016, frå 1766 til 1753. Talet på barnehagebarn minka, mens talet på skulebarn auka (som i 2015). Det var auke i talet på barn i alderen 6 til 15 år på 68 personar frå 2015 til 2016. Det var også auke tal på personar i aldersgruppa 16 til 19 år på 26 (mot nedgang på 33 personar frå 2014 til 2015). Store svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 28 personar. Talet på eldre mellom 67 til 79 har auka med 108 personar, mens talet på personar 80 og 89 år har minka med 5 personar. Gruppa over 90 år har minka med 3 personar.

## Sysselsetting


Arbeidsløysa har vore høg i heile 2016, og nådde toppen i februar med 368 heilt ledige som motsvarar 3,5 % av den yrkesaktive del av befolkninga.

### *Heilt arbeidslause i % av arbeidsstyrken*



Til samanlikning var tala for arbeidsløyse samla i Rogaland 4,1 % og i heile landet 2,9 %. 49 % av dei arbeidsløyse er innvandrarar frå OECD og ikkje-OECD-land. Av desse er dei fleste arbeidsinnvandrarar frå Polen og Litauen. Ungdomsarbeidsløysa i Hå har gjennom 2016 variert frå 2 % til 3,2 % i februar som var den månaden med høgaste arbeidsløysetal også samla.

### *Talet på heilt arbeidslause i Hå*





# Viktige hendingar i 2016

## 01/ JANUAR

- **Intensjonsavtalen om Jæren kommune** blei skriven under. Time, Klepp og Hå la her grunnlaget for det som kunne bli ein felles kommune på Jæren.
- **Ein smak av Hå** på Det Norske måltid – marknadsføring av mat- og næringsmiddelindustrien i Hå i samarbeid med bedrifter i Kviamarka, Nærbø og Sirevåg.

## 02/ FEBRUAR

- **Jærskulen presenterer tilstandsrapporten** for alle dei fire politiske utvala, tillitsvald, administrasjon og rektorar.
- Kommunestyret vedtar å ta imot 55 **flyktningar** i 2016 og 63 i 2017. Av dette er det 17 einslege barn og unge mellom 16 år og 18 år.

## 03/ MARS

- Førehandsrøysting om Jæren kommune startar.
- Offisiell opning av nye **Motlandsmarka barnehage** – her er det plass til 100 ungar!
- Kulturskulen setter opp musikalen Peter Pan.
- Biskop Erling Pettersen var på **bispevisitas** i Nærbø sokn. Ein heil dag med fokus på flyktningar med besøk på flyktningmottaket på Nærland og samling med frivillige lag og foreiningar på Motland skule på kvelden.

## 04/ APRIL

- Den 25. april var det **folkerøysting om Jæren kommune** i Time, Klepp og Hå. Det var stor valdeltaking – 60,1% i Hå. Særleg imponerande var det at 71,6% av 16 og 17-åringane deltok. Folket i Time sa ja, mens i både Klepp og Hå var det stort fleirtal for å halda på dagens kommunegrenser. Kommunestyra i alle kommunane hadde forplikta seg til å følgje viljen til folket, og i juni blir det gjort formelt vedtak i Hå om å fortsette som eigen kommune.

## 05/ MAI

- Kommunestyret vedtar å bli medlem av **Greater Stavanger** og å bidra til oppstart av **Grunder arena Jæren**. Dette er viktig for å legge til rette for meir næringsutvikling i kommunen.

## 06/ JUNI

- **Kvalitetsplan for barnehagen 2016 – 2019** blir presentert for kommunestyret med gode tilbakemeldingar på eit viktig pedagogisk arbeid for barna i barnehagane.
- Vi startar klarspråk-prosjektet **HÆ?** som skal arbeide for klart språk i skriftleg kommunikasjon med innbyggjarane

## 08/ AUGUST

- Opning av nye **Bø skule på Nærbø**. Det største byggeprosjektet i Hå si historie. Her er det plass til 550 elevar i flotte moderne lokalar.
- Risa startar arbeidet i **Stokkalandsmarka**. Første spadestikk var 9 august.

## 09/ SEPTEMBER

- **Kommunal planstrategi 2016 – 2019** blir vedtatt. Denne strategien tek for seg kva planar som skal oppdaterast og kva planar som skal lagast på ny.
- Planprogram for **kommunedelplan for Nærbø sentrum** blir vedtatt med gjestebodsmodellen som medverkingsprosess.
- Nok ein gong får Hå kommune topplassering i Riksantikvaren si rangering av kommunane sitt arbeid med **kulturminner**.

## 10/ OKTOBER

- **Arbeidet med nye Ogna skule blir starta**. Skulen skal ha plass til 300 elevar på 1-10 trinn. Under byggeperioden blir dei eldste elevane flytta til Vigrestad medan dei yngste hel til i brakkar på Ogna. Den gamle bensinstasjonen blir gjort om til Biblioteket fram til skulen står klar. Gjenbruk og sambruk!
- **Best i test på service 2015**. I Forbrukarrådet sin kommunetest får Hå beste karakter på korleis vi møter og er tilgjengelege for innbyggjarane.

## 11/ NOVEMBER

- **Barn og unges kommunestyre** blei gjennomført med engasjerte ungdomar frå heile kommunen.
- **Utbyggingsplanen** for Stokkalandsmarka blir vedtatt.

## 12/ DESEMBER

- Det kommer færre flyktningar og Hå blir bedt om å redusere vedtaket frå tidleg i 2016 til å busette 40 flyktningar i 2017. Av desse er 4 haldt av til einslege mindreårige.
- **Ekstremveret URD** blåser forbi utan å gjere stor skade i Hå
- **Partnarskap mot mobbing**. Skular og barnehagar, lag og organisasjonar jobbar saman om å få ned mobbing og utanforskap.

## Framtidsløftet

For å bli betre rusta til å møte utfordringane i framtida, er det nødvendig å styrke organisasjonen sin evne til å endre seg. Hå-samfunnet, og verda rundt oss, forandrar seg stadig raskare; eldrebølga, nedtrapping av vertskommune-tilskott, auka arbeidsløyse, integrering av flyktningar m.m. Det er derfor viktig å trena opp endringskompetansen. Vi må sjå moglegheitene og utfordringane i dette endringsbildet. I økonomiplanen 2017 – 2020 har rådmannen brukt orda sambruk og gjenbruk om behova innan skule/barnehage/kultur på Vigrestad, plassmangel på Varhaug skule og helsefunksjonane på Hå sjukeheim og Heimtuun på Nærø. Dette må vi arbeide meir med. Derfor må vi sjå på andre måtar å jobbe på for å møte framtida og jobbe smartare og meir økonomisk.

I 2017 og åra framover skal heile organisasjonen leite etter de unødvendige arbeidsprosessane vi gjer i dag og samtidig sjå på nye måtar å jobbe på for at vi dermed kan fornye, forenkle og forbete oss på. Dette kjem vi meir tilbake til i seinare rapporteringar.

Nedanfor har vi trekt fram fleire områder der vi jobbar med innovasjon, forsking og nye måtar å løyse oppgåvene på i ulike deler av organisasjonen.

Nokre konkrete prosjekt det blir jobba med er:

### RogaBarn

RogaBarn skal undersøke om førskuleopplegg for femåringar kan bidra til å utjamne læringsgrunnlaget ved skulestart. Førskuleopplegget skal stimulere sosiale ferdigheter hos barn, sjølvregulering, språk og matematikk. Alt skal skje gjennom leikbaserte læringsaktivitetar, minst åtte timer pr. veke. I Hå kommune er det fire kommunale og ein privat barnehage har meldt si interesse for å vera med i RogaBarn.

### Forsking på Jærskulen:

UIS har i 2015/2016 forska på Jærskulen. Dei områda dei har forska på er:

- Lokal skuleutvikling med utgangspunkt i skulane sine utviklingsområder
- Gjennomføring i vidaregåande opplæring
- Profesjonsutvikling i samspill, medskaping i samarbeid med Utdanningsforbundet
- Læringsteknologi i undervisninga

### Trygt og godt barnehage- og skolemiljø

Jærskulen og barnehagane i dei same fire kommunane har utarbeida ein nettportal med prosedyrar og ressursar i høve trygt barnehage og skolemiljø. Sjå: [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no) og [www.tryggbarnehage.no](http://www.tryggbarnehage.no)

Alle skulane i Jærskulen har også lagt inn ein «mobbeknapp» som skal gjera det lettare for barn og foreldre å melda frå om mobbing. Det er også oppretta eit beredskapsteam som skal hjelpe til i dei tyngste mobbesakene i skulen.

### Erasmus+prosjektet «CLAE» -

Europeisk skuleutvikling med styrking av elevane si kritiske tenking som hovudmål. Prosjektet går frå 2016 – 2019 og er i samarbeid med UiS og den franske kommunen Dunkerque.

*Ungdomsklubb på hjul* – Me reiste rundt i heile kommunen med ei campingvogn, som eit sommartilbod for ungdom. Det var allsidige aktivitetar rundt vogna og stort besøk.

### *Sosial innovasjon i sjukeheim*

Formålet med prosjektet er å utvikle kunnskap om korleis samarbeid mellom praksisfeltet, utdanning og forsking kan bidra til å fremma sosial innovasjon i institusjonsbasert eldreomsorg. Med sosial innovasjon tenker vi blant anna på endringar, utvikling og kvalitetsforbetringar. Klokkarhagen sjukeheim i Hå er med som ein av fem sjukeheimar i prosjektet.

Dette er et samarbeidsprosjekt med Nordlandsforskning som leiar prosjektet, Nord universitet, Universitetet i Stavanger, Ålborg universitet i Danmark og Universitetet i Agder.

Hovudspørsmålet vårt er korleis samarbeid mellom praksis, utdanning og forsking kan fremma sosial innovasjon i institusjonsbasert eldreomsorg?

Prosjektet består av tre delstudiar, som til saman skal belysa følgjande tre spørsmål. UiS deltar i studiane av spørsmål 1 og 3:

1. Kva for forhold bør ligge til grunn i helse- og omsorgstenestene og kva for kompetansar blir kravd av tenesteytarar og leiarar for at dei skal være pådrivarar for sosial innovasjon?
2. Kva for typar av kunnskap og kompetanse stimulerer og aukar sjukepleiestudentar si evne til å bli pådrivarar for innovasjon i institusjonsbasert eldreomsorg?
3. Korleis kan vitskapeleg kunnskap, systematisk produsert i studiar av praksis og utdanning, bli implementert og transformert som innovativ kompetanse i praksis og utdanning?

# Slik styrer vi

I dette kapittelet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. Vi omtalar også kven vi er og korleis det er å arbeide her.

I 2016 har vi betra arbeidsmåtar og –miljø på mange vis. Endringar er gjort i organisasjonen, på måten vi møter innbyggjarane, vi har gjort fleire brukarundersøkingar og arbeidet med beredskap (ROS) har stått høgt på sakskartet. Rådmannen er spesielt godt nøgd med at reduksjonen i sjukerfråværet fortsetter.

## Kommunen

Kommunestyret er det øvste styrande organ i ein kommune. Dei viktigaste styringssignalene blir gitt når budsjett og økonomiplan blir vedtatt. Her blir mål og planar omtalt og det vert sett rammer for ressursbruk på alle områder både med omsyn til pengar og årsverk.

Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for løpende drifts- og planleggingsoppgåver. Hå kommune er organisert etter en modell med tenesteområder og staber som rapporterer til rådmannen.

Oppfylling av denne modellen forutset delegering som i alle tilfelle skjer innafor vedtekne økonomiske rammer. Forutsettinga er likevel at utforminga av politikken i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret. Hensikta med delegasjonsreglementet er å legge betre til rette for overordna økonomisk styring, klarare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativt nivå samt effektiv ressursutnytting.

Rådmannen delegerer vidare internt i administrasjonen gjennom interndelegeringsreglementet.

## System og organisering

Rådmannens leiargruppe består av dei tre kommunalsjefane, personal- og organisasjonssjef og økonomisjef. I tillegg rapporterer leiar for politisk sekretariat, eigedomsavdeling, IT og dokumentsentral til rådmannen. Alle har ein leiaravtale som avklarar forventningar, resultat- og utviklingsmål. Slike avtalar blei implementert i heile organisasjonen i 2016.

Alle arkivfunksjonar er samla i dokumentsenteret og all kontakt med innbyggjarane går gjennom det nye Servicetorget som blei opna i desember 2015. Alle som arbeider innanfor personal- og organisasjon er nå organisert i sentraladministrasjonen.

## **Etikk og antikorrrupsjon**

Kvalitetssystemet Compilo er og varslingssystem for varsling av kritikkverdige tilhøve i verksemda. Føremålet er å gi kjende, trygge og lovlege rammer for intern varsling, og samstundes byggje ein kultur tufta på eit ønskje om openheit.

Arbeidet med nye etiske retningslinjer er starta. Dei blei ikkje ferdige i 2016 som planen var, og skal gjerast ferdig i 2017. Det er viktig at desse er godt forankra både internt i administrasjonen, blant dei hovudtillitsvalde og hos politikarane.

## **Slik arbeider vi (forvaltningspraksis)**

### *Offentlegheit*

- Møteinkallingar, saksutgreiingar og protokollar er tilgjengelige på kommunen sine nettsider.
- Kommunestyremøta blir overført på internett.

### *Tilgjengelegheit og brukarorientering:*

- Nye nettsider var ferdig våren 2016.
- Universell utforming/grafisk profil vert nytta.
- Kommunikasjonsansvarleg har et overordna ansvar for kommunikasjonen
- Servicetorget tar imot alle som vender seg til kommunen personleg, via telefon, e-post eller facebook
- Ein del brukarundersøkingar i 2016 – fleire kjem i 2017.

### *Politisk styring og kontroll*

- Kommunen har ein tydelig visjon og klare verdiar.
- Delegeringsreglement frå politisk til rådmannen og vidare internt. Dette blei oppdatert i 2016 og vedtatt i første kommunestyremøte i 2017.
- Det er ryddige og klare linjer i samspelet mellom politikk og administrasjon.
- God samanheng mellom politiske ambisjonar og tilgjengelege ressursar.
- Årshjul med kafedialog i samband med framlegging av budsjettet.
- Manglar framleis tydelege resultatindikatorar i styringsdokumenta og i den strategiske dialogen om resultata. Nytt system, LØFT, skal innførast i 2017, tilhørande elektronisk verktøy er kjøpt inn.

### *Leiarskap, ansvar og delegering*

- Synleg og tydeleg rådmann.
- Leiarmøte med alle leiatar, dei hovudtillitsvalde og leiatar frå Jæren Everk.
- Leiaturviklingsprogram i samarbeid med eksterne partnalar. Første gruppe på 30 leiatar var ferdig i 2016, neste gruppe startar opp i 2017.
- Leiavtalar er utarbeidd og er innført for alle leiatar i 2016. Brei delegering – system for framføring av meir- /mindreforbruk.
- Det vert gjennomført jamlege dialogmøter med dei hovudtillitsvalde.

### *Resultat og effektivitet*

- Følgjer KOSTRA.

- Har (og har hatt) god økonomi og –styring over tid. Det vert likevel arbeidd med å vidareutvikle økonomiplan og årsmelding for å gje god styringsinformasjon til politikarane og andre.
- Ny rapporteringsfunksjon er innført for å gjøre økonomisk styringsinformasjon lettare tilgjengelig.
- IT-strategi og system for internkontroll oppdatert i 2016

#### *Kommunen som arbeidsgjevar*

- Vidareutviklar medarbeidarsamtaler og bruken av desse. Innført i 2016.
- Opplæringsplanar med eigne budsjett. Årleg evaluering av gjennomførte tiltak.
- Fokus på kompetanseutvikling i skule/barnehage. Kvalitetsplanar.


#### *Kommunen som samfunnsutviklar*

- Gjeldande kommuneplan vart godkjent i desember 2014. Kommunal planstrategi vedtatt i 2016.
- Hå kommune er kjent for innsatsen på kultur- og idrettsområda.
- Bustads- og næringsutvikling (spesielt fokus mat/landbruk).
- Meir samarbeid med friviljuge har fokus framover, særleg innanfor helse og for å få til god integrering av flyktningar.



*Bilete frå kommunestyresalen. Foto: Tord Paulsen.*

# Styringssystem



## Kommuneplanen

Kommuneplanen omtala **visjon og satsingsområder** for Hå kommune.

Kommuneplanen har to deler – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnssdelen omhandlar kulturlandskapet, visjon, mål og strategiar, framskrivingar (befolkningsvekst), kva som skal til for å ha gode bu- og næringsmiljø, sysselsetting og næringsliv, klima og energi, kommunal beredskap, kommuneorganisasjonen og omtale og mål for dei kommunale tenestene.

Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer

## Planstrategi

Kommunal planstrategi skal avklare kommunen sitt **planbehov**.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i desember 2014. Denne har mål og strategiar for alle (sentrale) delar av kommunen si verksemd.

I 2016 blei det utarbeidd ein ny planstrategi som gjev føringer for kva for planar som skal utarbeidast eller reviderast. Denne strategien er eit viktig verkty for å sikre ei samla prioritering av alle plandokument i kommunen og vil ta omsyn til endringar i samfunnet rundt oss. Sjå omtale i kapittelet «Dette er Hå».

## Kommunedelplan «Utdjuping av kommuneplan»

Kommunedelplanar er utdjuping av kommuneplanen. Det kan enten vær eit samfunnstema eller areal for ein del av kommunen. Kommunen har starta arbeidet med å utvikla ein kommunedelplan for Nærø sentrum som skal fastlegga dei overordna måla og ramane for den fysiske utviklinga av Nærø sentrum i årene framover.

## Tema og sektorplaner «Konkretisering og tiltak»

Tema og sektorplaner er ei vidare konkretisering av kommuneplanen. Både barnehagebruksplan og skulebruksplan er temoplaner. Til dømes skal barnehagebruksplanen gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen, og vera grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering, utvikling av bygningane og uteområda, vedlikehald og optakskrinsar.

## Økonomiplan og årsbudsjett

Den 4-årig økonomi-planen er kommuneplanen sin handlingsdel, **prioriteringar og tildeling av ressursar**. Det blir utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjett). Det skal leggast vekt på rammestryring og utstrekkt grad av delegering.

## Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet. Dette er det dokumentet du nå les i.

### Meir om mål og resultatstyring

Dei økonomiske målsettingane som er definert i kommuneplanen er nådd også i 2016. Driftsresultatet blei 5,8%, målet var et driftsresultat som var høgare enn 1,5%. Det gode resultatet gjer at ein også i 2016 kan sette av pengar til fond eller betale ned på gjeld. Å bygge fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

Kommunestyret får rapport kvart tertial med status for heile kommunen og for kvar tenesteområde, i sentraladministrasjonen og på finansområdet. Desse kan gje grunnlag for budsjettjusteringar.

#### *Steg mot betre verksemddsstyring.*


I 2016 begynte rådmannen med formelle gjennomgangar kvart tertial med tenesteområda med fokus på kva som er oppnådd, ressursbruk og planar/utfordringar vidare. I 2017 vil eit elektronisk system være på plass med systematisk oppfølging på fleire fokusområder. Slik vil ein sikre at strategiar vert omsett til handling og at konkrete resultatmål blir satt og følgt opp.

### Internkontroll

For at tilsette i kommunen skal kunne løyse oppgåvene sine på rett vis er to ting viktige: For det første å ha gode rutinar for korleis oppgåvene skal bli gjennomført. I 2016 blei dette samanfatta i eit overordna dokument «Internkontroll i Hå» som blei lagt fram i Arbeidsmiljøutvalet.


Hå kommune har fleire system for internkontroll. Alle tilsette har tilgang til og skal nytta det digitale hovudsystemet for kvalitets- og avvikshandtering som heiter Compilo. I tillegg har tenesteområda eigne fagsystem. Gjennom heile året blir det arbeidd systematisk med internkontroll i heile verksemda. Av dei 144 HMS-avvika som blei meldt i 2016 var 142 var lest, handert og lukka ved årsskiftet. Berre to avvik var framleis under behandling.

I 2016 blei det meldt inn til saman 454 avvik i Compilo. Motsvarande tal var 329 i 2015. Dette gjer uttrykk for ein kultur kor den einskilde tilsette er kjend med prosedyrar og tek ansvar for at dei blir brukt rett. Avvik er eit godt utgangspunkt for organisasjonslæring, og blir meldt innan kategoriane «teneste/brukar», «organisatorisk/internt» og «HMS».



Figuren syner meldte avvik innanfor dei tre hovudkategoriane.

Alvorsgraden er bestemt av den tilsette eller leiaren som melder avviket.



Innanfor HMS er det fem kategoriar: «arbeidsmiljø», «nesten-uhell», «ulukke», «vald/truslar» og «ytre miljø».

Figuren syner fordelinga på desse kategoriane og alvorsgraden.


## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. De har eige administrasjon som er uavhengig av kommunen sin administrasjon. Oppgåvene deira knyter seg både til løpende tilsyn med forvaltninga (drifta), revisjon, rekneskap og internkontroll, forvaltningsrevisjon og selskapskontollar. Dei har eige budsjett og lagar ei eiga årsmelding.

I 2016 blei to forvaltningsrevisjonar handsama. Dette var «Vedlikehald av kommunale bygg» og «Skulemiljøet i Hå». Tilrådingane frå desse revisjonane blir handsama i kommunestyret og iverksetting av tiltak blir gjort i tenesteområda. Kontrollutvalet følgde opp forvaltningsrevisjonsrapporten «Jordvern».

# Årshjul

Kvart år blir det gjennomført ei rekke styringsprosessar. Desse kan visast i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar fasast inn i høve til kvarandre politisk og administrativt.




# Personal og organisasjonsutvikling

Kommuneplanen slår fast at den overordna målsettinga for personalpolitikken i Hå er å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft. I 2016 har personal- og organisasjonsavdelinga bidrige til dette ved mellom anna målretta arbeid med inkluderande arbeidsliv (IA), leiararsamlingar og leiarutvikling, leiarstøtte og oppfølging i mange enkeltsakar, og eit godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonar på ulike område.

## Tilsette og årsverk

Ved årsskiftet var talet på tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen 1547 samanlikna med 1537 i 2015. Årsverka for desse utgjorde 1164,3 mot 1145,4 i 2015. Talet på fast tilsette har auka med 0,6% samanlikna med 2015, og delen kvinner ligg stabilt på omlag 81,6%.

## Faste tilsette og deira årsverk i deltid/heiltid



Figuren syner tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen, medrekna dei som f.t. er i permisjon og brannmannskap (FB). Den syner også delen heiltid og deltid blant dei tilsette, ikkje medrekna FB.


Gjennomsnittleg stillingsstorleik er tilnærma uendra, på 76,7%. Dette er medrekna dei 85 tilsette som har redusert stillingsstorleiken si med til saman 15,5 årsverk ved å søkje om deltidspermisjon i høve lov-/avtaleverk og velferdsreglar. Blant dei som har ønskja redusert stilling er det 80 kvinner og fem menn. Det er 40,7% av dei fast tilsette som er tilsett i full stilling, mot 39,0% i 2015. Blant desse er det 67 tilsette som i snitt har redusert stillinga si med 25%. Dette bidreg til å auke talet på mellombels deltidstilsette, samstundes som nokre deltidstilsette får høve å arbeide heiltid medrekna vikariat.

Stillingsstorleiken for kvinner er tilnærma uendra med eit snitt på 74,9% i 2016 mot 75,0% i 2015. I desse tala er det teke omsyn til ønskja redusert stilling, men likevel ikkje medrekna ekstraarbeid. Det inneber at den eigentlege stillingsstorleiken er høgare. Stillingsstorleiken

for menn er i snitt 85,4% i 2016 mot 86,0% i 2015. Medrekna brannmenn er talet 76,8% mot 76,7% i 2015.

Blant dei 83 mellomleiarane i kommunen er det 58 kvinner og 25 menn. I rådmannen si leiargruppe er det no fire kvinner og to menn. Hå kommune har likelønnsprinsipp for kvinner og menn i same type stilling.

### Tilsette fordelt på alder og kjønn



Utviklinga frå 2015 til 2016 syner at det er ein liten nedgang i tilsette i aldersgruppa 0 - 29 år og dei over 60 år. Dei andre gruppene viser ein svak auke. Dei neste fire åra vil 213 tilsette ha rett til å ta ut AFP. Delen tilsette som nyttegjer seg av dette er likevel låg. Seniorar utgjer ein stor arbeidskraftressurs, og kommunen vil arbeide for å halde på kompetansen deira. Det er kome endringar i Hovudtariffavtalen som gjer at og pensjonistar kan arbeide på særskilde vilkår medan dei tek ut pensjon.

### Kompetanseheving og rekruttering

Hå kommune utarbeidar årleg ein opplæringsplan for heile verksemda. Opplæringsplanen er eit strategisk verktøy for å planleggja, budsjettera og gjennomføra kompetansetiltak som rustar Hå kommune for framtida. Hovudmålet om å ha tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft blir nådd både gjennom ekstern rekruttering og ved intern kompetanseheving. Når kommunen skal fornya, forenkla og forbetra skal opplæringsplanen sikra at ein tek i vare både dagens og framtidas kompetansebehov. Kompetente fagmiljø sikrar gode tenester til innbyggjarane, men og eit faglege omdøme som arbeidsgjevar

Hå kommune held fram satsinga i «LINK Jæren» - eit samarbeid mellom arbeidsgjevarar i Hå, Time og Klepp, med ei målsetting om å fremja Jæren som både bustad og arbeidsplass. Også i Jærskulen er Hå kommune aktiv, fagleg så vel som med ein arbeidsgjevarprofil.

Leiarforum er ein viktig arena for utvikling av leiarar, informasjon, prosessar og relasjonsbygging. Dette vil halda fram. Ei evalueringa etter «Leiarutvikling 2015 - 2016» syner at deltakarane er svært nøgde. Med erfaringane som no ligg til grunn vil kommunen utarbeide og sette i verk eit nytt utviklingsprogram for eit nytt kull med leiarar. Programmet vil være

retta mot å setta leiatar i stand som endringsagentar i egne einingar, og på den måten vera ei viktig brikke i arbeidet med "Framtidsløftet".

Framleis er det nokre universitets- og høgskulegrupper som det er vanskeleg å rekruttere. Dette dreier seg om lærarar, barnehagelærarar, ingeniørar og barnevernspedagogar, samt fagpersonar med leiarterfaring. Situasjonen i barnehagane er i ferd med å endre seg positivt fordi mange tilsette tek naudsynt utdanning. Tilhøva i oljenæringa skapar større merksemd rundt ledige stillingar, men ofte er erfaringa til søkerane ikkje relevant.

## Tariff og lønsforhandlingar

I 2016 var det hovudtariffrevisjon utan brot mellom dei sentrale tariffpartane. Det blei gjort store endringar i det nye garantilønnssystemet, og oppgjøret fekk ei økonomisk ramme på 2,4% årslønnsvekst slik som frontfaget. Lokale forhandlingar etter Hovudtariffavtala kapittel 4 blei av dei sentrale partane skyvd til hausten 2017, mens det blei forhandla lokal lønn etter kapittel 3 og 5 som normalt og med same økonomiske ramme som kapittel 4. Forhandlingar i kommunal sektor i 2016 innebar ein reallønnsreduksjon for arbeidstakarane.

Kommunen starta drøftingar med dei tilsette sine organisasjonar om naudsynte tilpassingar av lokale lønsstigar i kapittel 4, slik som i dei andre kommunane i regionen. Tilpassingane er ei følgje av endringar i Hovudtariffavtala og skal motverka uønskte skilnader.

## Inkluderande Arbeidsliv (IA) og HMS

I 2016 retta ein stort fokus mot IA-arbeidet i verksemda. Det blei mellom anna satsa på leiaropplæring, samarbeid med NAV, avklaring i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom og haldningsarbeid. Det særskilte satsingsprosjektet i barnehagane haldt fram. Frå 2017 startar eit motsvarande prosjekt innan pleie- og omsorg.

I medhald av IA-avtala arbeider kommunen med å legge til rette for tilsette med redusert funksjonsevne slik at desse kan stå i arbeid. Bedriftsintern attføring er eit anna verkemiddel som nyttast i IA-arbeidet. Kommunen stiller og med praksisplassar for personer som av ulike årsaker treng arbeidstrening.


Hå kommune ivaretar krav om universell utforming og tilgjengeleghet i tråd med lovverket for utforming av bygg.

Det samla sjukefråværet for Hå kommune blei 6,1% i 2016 mot 6,7% i 2015. Dette er ein reduksjon på om lag 9%. Samanlikna med 2014 er fråværsnivået redusert med drygt 20%. Det legemeldte fråværet i Hå var på 5,2% mot 5,7% i 2015. Den samla nedgangen på 0,5 prosentpoeng syner både på langtids- og korttidsfråvær. Det eigenmeldte sjukefråværet syner ein nedgang på 0,1 prosentpoeng. Første halvår hadde kommunen 6,0% legemeldt fråvær og 4,7% i andre halvår – begge tal er lågare enn i 2015.

Fråværet utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar utgjer 81,4% av det samla legemeldte fråværet mot 80,5% i 2015. Langtidsfråværet over 40 dagar utgjer 68,5% mot 69,0% i 2015. Eigenmeldingar syner ein liten nedgang med 0,9%. 104 tilsette står for halvparten av det samla legemeldte fråværet i 2016 mot 91 tilsette i 2015. Det er 14,8% av dei tilsette som står for 80% av det samla legemeldte sjukefråværet, mot 14,2% i 2015.


Satsingsprosjektet i barnehagane har vist svært positive resultat, samanlikna med 2014 er det samla fråværet redusert med om lag 25%. For foreldra og barna som nyttar tilboda i barnehagane betyr det at dei kvar dag møter fleire kjende ansikt. Barnehagane rettar no fokus mot førebygging og helsefremming.

## Tenestesektorar - utvikling i legemeldt fråvær



Grafen viser utviklinga i legemeldt kort- og langtidssjukefråvær i dei største sektorane dei siste fire åra. Dei grå feltene i bakgrunnen viser utviklinga i heile kommunen..

## Samla sjukefråvær



Tabellen syner samla sjukefråvær i nabokommunane (eigenmeldt og legemeldt) dei siste fire åra. Frå 2015 er ikkje lenger landsdekkande tal tilgjengelege frå SSB.

Kommunen fekk kr. 573.751,- i førebyggings- og tilretteleggingstilskot frå NAV i 2016. Kommunen samarbeider med NAV sin arbeidsgjevarteneste om korleis ein best kan nytte dei verkemidla som finst i IA-arbeidet.

## Medarbeidarundersøking

Hå kommune gjennomfører medarbeidarundersøking anna kvart år. Siktemålet med undersøkinga er å kartleggje tilsette si oppleveling av eigen arbeidskvardag, og å skape eigarskap til arbeidet med å utvikle arbeidsmiljøet i fellesskap. Kommunen gjennomførte siste undersøking i november 2015. Tenesteområda og arbeidsstadene har i 2016 arbeidd vidare med eigne resultat. Det var utarbeida eiga arbeidsbok som vegleiing og anbefaling for vidare arbeid med, og oppfølging av resultata, og mange av arbeidsstadene har brukt denne når dei har arbeidd med resultata.



Foto: Anne Lise Norheim

## ***Informasjon, kommunikasjon og involvering***

*Kommunen er til for innbyggjarane og det vert arbeidd på fleire måtar for å engasjere og få innspel frå ulike grupper. Det er viktig at det er lett å koma i kontakt med dei som arbeider i kommunen og etableringa av servicetorget er ein viktig milepål i dette arbeidet. Klart språk har vore ei viktig satsing i 2016.*

### **Innbyggjarrådet**

#### *Samansettning og organisering*

Kommunestyret utnemner medlemmene til rådet som vert sett saman av 5 representantar for seniorane, 3 representantar for menneske med nedsett funksjonsevne, 2 representantar frå ungdomsrådet og 2 folkevalde. Ordninga gjeld frå hausten 2011.

#### *Arbeidsoppgåver for innbyggjarrådet*

Lovgrunnlaget for arbeidet i rådet er Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd og Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet skal i tillegg arbeide for å sikre ungdom medverknad i lokalsamfunnet.

Innbyggjarrådet skal ta del i den kommunale plan- og utviklingsprosessen og skal ha til uttale alle politiske saker som gjeld eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom sine levekår.

Innbyggjarrådet er eit rådgjevande organ og gjer ikkje vedtak på kommunale saksområde. Men uttale frå rådet skal følgje aktuelle saker i prosessen fram til endeleg vedtak i det aktuelle politiske organet. Slik er innbyggjarrådet kommunen sitt formelle organ i samband med brukarmedverknad. Innbyggjarrådet hadde 5 møter og handsama 17 saker i 2016.

Innbyggjarrådet var på synfaring til alle bu- og velferdssentra og sjukeheimane i kommunen 15. februar. Rådet ga uttrykk for at det var svært nyttig med den orienteringa dei fekk av leiarane ved dei ulike institusjonane.

Eldrefesten 2016 var på Varhaug misjonshus 30. september med kåseri og musikkinnslag .

Klepp kommune var vertskap for interkommunal temadag 12. oktober, med fleire representantar frå innbyggjarrådet i Hå og ordføraren til stades. Tema for dagen var organisering av arbeidet med brukarmedverknad i dei 4 jærkommunane og erfaringar med dette.

### **Ungdomsrådet i Hå (URÅ)**

URÅ har hatt 8 styremøter i 2016. «Kick-off» på starten av året var ei overnatting på Hå kulturtorg i januar. I samarbeid med Loen ungdomsklubb arrangerte me ein kveld i januar der me inviterte 25 stk. frå avdelinga for einslege mindreårige ved Hå mottakssenter til matlaging (pizza og brownies), ulike leikar, dans og konkurransar. Dette var i samband med «Veka for gjensidig respekt».

URÅ laga reklamefilm i samband med folkeavstemminga om Jæren kommune 25. april, som vart publisert på kommunen sine nettsider og i Storstova.

I mai deltok fleire representantar frå URÅ på eit arbeidsseminar i samband med resultata frå den store Ung data-undersøkinga i kommunen. I juni var representantar frå URÅ i saman med ungdomsklubbane i Hå, i campingvogna i prosjektet «Ungdomsklubb på hjul», på Nærødagane og på Varhaugmarken. I juni deltok og leda leiari og nestleiari på Oppvekstkonferansen i Stavanger.

15 ungdom frå URÅ og 3 leiilar deltok på ungdomsutvekslingstur med støtte frå Erasmus + til Tsjekkia i haustferien (9.-16.oktober), saman med ungdom frå både Polen og Tsjekkia. Ei utruleg kjekk og lærerik veke med variert opplegg. I etterkant vart det laga ein film frå opphaldet. Det vart i tillegg skrive eit innlegg som vart publisert i Jærbladet.

Årsmøte vart halde i desember, der alle ungdomane stilte til attval.

## Barn og unges kommunestyre

Barn og unges kommunestyre blei arrangert for fyrste gong i Hå kommune i 2014. Dette er ein arena kor kommunen sine barn og unge får moglegheit til å seie si mening. Kvar skule er representert med tre elevar frå 5.-7. trinn og tre elevar frå 8.-10. trinn. I tillegg er ordføraren, rådmannen, kommunalsjefar og fleire politikarar til stades.

Møtet føregår i kommunestyresalen og er bygd opp på same måte som eit ordinært kommunestyremøte, med sakliste, ordstyrar og stemmeskilt. Elevane blir utfordra til å halde framlegg rundt eit tema som er viktig for kommunen. I 2016 var temaet motivasjon, eit tema som engasjerte både elevar, politikarar og skulesjefen.

Elevene får og høve til å stille spørsmål til ordføraren og rådmannen. Elevane er godt førebudde og stiller spørsmål om tema som opptar dei. Nokre spørsmål dreier seg om skulekvardagen, medan andre dreier seg om fritida og det som skjer utanom skulen.

Barn og unges kommunestyre får satt av ein sum pengar som dei sjølv får råde over. Pengane må nyttas slik at barn og unge i heile kommune kan få glede av dei. I 2016 vedtok barn og unges kommunestyre å bruka tildelt pengesum på desse tiltaka:

- 5.- 7. trinn 15 000 kr til Kreftforeningen og 15 000 kr til utstyr på skulane
- 8.-10. trinn 30 000 kr til aktivitetsdag



*Stort engasjement i barn og unges kommunestyre.*

*Foto: Trude Høyland*

## Servicetorg

Hå kommune ønskjer å ha ein god dialog med innbyggjarane, og legga til rette for innsyn, deltaking og medverknad. Det skal vera lett å få kontakt med kommunen, og alle skal bli møtt med god service.

Servicetorget leverer tenester til innbyggjarane på vegne av alle tenesteområde. Det siste året er tilbodet kraftig utvida. Desse tenestane blir nå tilbydd: Informasjon og rettleiing i byggesaker, kart-, egedoms- og leidningsnetttopplysningar, innsyn i offentlege dokument, meklarpakkar, nabolister, endring og avvik i renovasjon, fakturaspørsmål, skjenkeløyve, jegerprøveeksamen, parkeringskort for forflyttingshemma, rettleiing til å søka barnehageplass, saksbehandling redusert betaling i barnehage og kontantstøtte, utleige av Lensmannsløa, sentralbord og salskontor for tomter i Stokkalandsmarka.

Servicetorget får gode tilbakemeldingar frå publikum. Målet framover er å vidareutvikla det digitale servicetorget, slik at innbyggjarane kan få hjelp uavhengig av opningstid.



*Arbeid på servicetorget. Foto: Steffen Rogne.*

## Klart språk

Hå kommune starta opp med eit målretta klarspråkarbeid våren 2016. Me kommuniserer med innbyggjarane på mange ulike måtar. Me gir informasjon om rettar, plikter og tenestetilbodet til kommunen. Det er vårt ansvar at innbyggjarane forstår det me skriv. Då må me skriva tekstar som er klare, rette og tydelege.

Klarspråk er kommunikasjon med så tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming at leserane i målgruppa finn informasjonen dei treng, forstår han og kan bruka han. Klarspråk set mottakaren i sentrum.

Omlag 80 leiarar og 200 tilsette har vore på kurs i klart språk. Kommunen har også laga eigen språkprofil, utpeika 25 språkvennar og arrangert språkdag. Me arbeidar med å gjera tekstane i brev og på nettsida enklare å forstå.

Nå er me i gang med å endra malar og standardtekstar i følgjande avdelingar: barnevern, helsestasjon, arealplan, oppmåling og barnehage. Me vil arbeida systematisk og målretta for å nå alle område i Hå kommune. Dette vil ta tid.

Fleire av tekstanane til barnevernstenesta har me brukartesta. Me samla ei gruppe innbyggjarar frå Hå, og fekk mange verdifulle innspel. Me vil nytta brukartesting i det vidare arbeidet.

Med eit klart og tydeleg språk gir me god service til alle innbyggjarane i Hå kommune. I tillegg kan me spara tid fordi færre har spørsmål til innhaldet.

## Ny heimeside og sjølvbetening

Nettsidene på [www.ha.no](http://www.ha.no) fekk ei kraftig oppgradering og vart lansert i ny form i mars 2016. Ein communal nettstad har stor variasjon i stoffområde og brukarbehov, så referansegrupper og ulike brukargrupper har vore viktige i behovskartlegginga når strukturen på desse sidene vart lagt. Dei nye sidene skal følgje alle standardar med tanke på universell utforming og dei vart òg tilpassa mobil/nettbrett på ein heilt annan måte enn dei gamle nettsidene. Dei vert kontinuerlig overvaka og forbetra ut frå besøksstatistikk og tilbakemeldingar.

Det fins fleire nye måtar ein kan kontakte kommunen på:

- Ein kan lett melde frå om feil og manglar på veg, gatelys eller feil i vassforsyninga gjennom ei ny teneste under «kontakt oss» på nettsida
- Alle facebookinnlegg og meldingar vil dukke opp som ei sak i sentralbordssystemet til servicetorget
- Tilbakemeldingsfunksjon på alle nettartiklar er med på å betre kvaliteten
- Chatfunksjon på nettsidene er underveis

## Sosiale medier

Hausten 2014 vart Hå kommune si facebookside oppretta, og målet med denne var å gje innbyggjarane aktuell informasjon frå heile kommunen. Noko av styrka til sosiale medier er potensialet for rask og effektiv spreiing av informasjon, og om ein klarer å samle nok følgjarar vil dette og kunne vere ein ressurs i beredskapsarbeidet. I tillegg til å spreie informasjon er denne sida og ei god kjelde til å få tilbakemeldingar frå innbyggjarane. Det er servicetorget som i stor grad svarar på meldingar som kjem inn via facebooksida. Hå kommune vurderer heile tida nytta og potensialet til nye digitale kanalar.

## Gjestebod

Gjestebod er ei ny innbyggjarinvolvering som vi ikkje har gjort tidlegare. Heile hensikta med gjesteboden er å spørje innbyggjarane om råd før politikarane og administrasjonen kjem med sine innspel. Metoden blir nytta i arbeidet med kommunedelplan for Nærø sentrum. Gjestebodsmodellen går ut på at ein gjestebodsvert inviterer innbyggjarar heim til seg for å diskutere ulike tema angåande sentrumsplanen.

## Kommunereforma

Innbyggjarinvolvering har vore eit sentralt tema i arbeidet med utgreiing av kommunereforma i kommunane Time, Klepp og Hå i arbeidet fram mot folkerøystinga i april 2016. Fleire folkmøte vart sett opp i heile kommunen og fekk ei brei dekning i media. Ungdomsrådet (URÅ) var svært engasjert i arbeidet med kommunereforma. Meir om dette i eige punkt om ungdomsrådet.



Kommunereformdebatt på Tryggheim. Foto: Steffen Rogne.

# **Samfunnstryggleik og beredskap**

## **Definisjon**

Beredskap betyr i utgangspunktet «å være beredt», altså å være førebudd på ein situasjon. Det brukas spesielt om å være førebudd på å møte kritiske situasjonar, det vil seie å handtere og redusere skadeverknader av uønskte hendingar som kan føre til skade på eller tap av verdiar eller personskade/dødsfall. Beredskap omfattar tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak som planleggast iverksatt under leiing av beredskapsorganisasjonen ved ei hending, for å beskytte personell, materiell og verdiar.

## **Viktige hendingar i 2016**

Det blei gjennomført tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 17. april 2015. Tilsynet avdekkja fire avvik:

1. Hå kommune har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med sivilvernlova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.
2. Hå kommune har ikkje med utgangspunkt i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.
3. Hå kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava til dette i sivilvernlova og forskrift om kommunal beredskap.
4. Hå kommune oppfyller ikkje krava i sivilvernlova og forskrift om kommunalberedskapsplikt til et system for opplæring.

Hå kommune starta i 2016 opp arbeidet med å lukke avvika. Risiko- og sårbarheitsanalysen skal leggast til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Utgangspunktet for dei heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysane er dei uønskte hendingane som gjennom sektoranalysar, og andre risiko- og sårbarheitsanalysar, viser seg å ha potensial eller karakter til å involvera kommunen si leiing eller andre sektorar.

Innafor kvart tenesteområde har fleire medarbeidar frå administrasjonen deltatt i arbeidet. Arbeidsgruppene har til saman identifisert 89 ulike uønskte hendingar og har vurdert desse i forhold til årsaker, ut frå kor sannsynlege dei er, konsekvens, risiko og tiltak.

## **Kva er fokus i 2017**

Hå kommune har laga ny oppfølgingsplan for å lukke avvika gitt i tilsyn 17. april 2015. Planen er at avvika knytt til heilskapleg risiko- og sårbarheisanalyse og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet blir lukka i april 2017. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen vert deretter lagt til grunn for kommunen sitt vidare arbeid med å lukka avvik knytt til overordna beredskapsplan og system for opplæring. Dei siste avvika er planlagt lukka til sommaren 2017.

# Klima, miljø og energi

Berekraftig forvalting av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabildet framover viser.

## Kommunen si eiga drift

Hå kommune er ei stor verkeemd, og blant dei største arbeidsgjevarane, største byggeigarane og største innkjøparane i kommunen. Det er derfor viktig at kommunen sjølv tar klimavennlege val i eiga drift.

*Offentlege innkjøp* i Hå har ein verdi på rundt 200 til 300 millionar kroner årleg. Det betyr at kommunen har ei betydeleg etterspurnadsmakt som kan brukast til å styrke marknaden for miljøvennlege varer og tenestar. Hå kommune har utarbeidd eit innkjøpsreglement som fastslår krav til miljøomsyn.

*Kommunale bygg* utgjør ein vesentleg del av bygningsmassen i kommunen. Kommunale bygg og infrastruktur, med tilhøyrande energibruk, står for ein stor del av klimautslepp frå kommunen. Ved å drifte disse areala mest mulig energieffektivt vil det gi store reduksjonar i kommunen sine klimautslepp og også for kommunen sine utgifter.

## Klima- og energiplan

Hå kommune utarbeida i 2010 ein klima- og energiplan. Den hadde seks satsingsområder med målsettingar og tilhøyrande handlingspan. I 2013 blei det gjort ein statusgjennomgang for å sjå på kva som er gjennomført og eventuelt om strategien må endrast.

## Klimatilpassing

Hå kommune har ein viktig jobb å gjøre for å sørge for at samfunnet er tilpassa klimaendringar. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde: *Arealplanlegging* i kommunen må sørge for at nye område som byggjast ut ikkje blir trua av for eksempel overvatn og flaum. Det er ikkje noko nytt, men med eit villare og våtare klima blir utfordringane knytt til ekstremver større. Fortetting i stasjonsbyane kan også ha følgjer for kor godt eit område tar imot nedbør. I kommunen sitt arbeid med *samfunnstryggleik og beredskap* blir det utarbeida ein heilsakapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som kartlegg kor sårbar kommunen er for ulike hendingar. Analysane tek høgd for ekstremver og overvann som følgje av klimaendringar.


*Vann- og avløpshandtering* må handtere dei normale nedbørsmengdene i samsvar med vedtekne retningslinjer for dimensjonering. Sidan 2011 har Hå kommune hatt ein vann- og avløpsnorm som er utarbeida i samarbeid med andre kommunar på Jæren. Normen er retningsgivande for framtidig dimensjonering og vedlikehald.

*Eigedomsavdelinga* har signert kontrakt med Niras AS om energimerking, energikartlegging og utarbeiding av grunnlag for avgjerd om vidare arbeid. Det blir arbeidd med å skaffe informasjon om byggja. Det fysiske arbeidet startar opp til sommaren 2017 og ei prioriteringss liste for arbeida er laga.


# Dette leverer vi

Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennande ting skjer. I denne delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og i stabsområdet. Som innleiing viser vi ei samla oversikt over drifta i tenesteområda. Samla netto driftsrammer blei 926 millionar kroner.

## Utgifter, inntekter og netto drift i 2016



## Resultat per innbyggjar / nøkkeltal



# Opplæring og kultur

*Barnehagebruksplanen og skulebruksplanen er reviderte og dannar grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering. Det er laga plan for kvalitet og innhald i barnehagane. Plan for kvalitet i skule skal bli utarbeida i løpet av 2017. Arbeidet med Jærskulen går vidare. I 2016 har det vore særskilt fokus på barna og elevane sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle og støtte til eit veldrive organisasjonsliv. Det har også vore gjort eit viktig arbeid for å ta vare på og formidle kulturarven gjennom arrangement og produksjonar og vedlikehald av verfulle kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard. Arbeidet med kulturminnevernplanen er godt i gang.*

## Mål og prioriterte oppgåver

Alle barn skal oppleve læring og meistring kvar dag. Det er fortsatt satsing på å rekruttere og behalde personell med godkjent utdanning og styrke formell kompetanse i eksisterande arbeidsstokk. Vidare har det vore sterkt fokus på barn og elevar sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø. Dette er eit arbeid som blir gjort saman med dei andre kommunane i jærskulesamarbeidet.

## Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Opplæring og kultur Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2014	2015	2016	2016 *)	2016
Driftsutgifter	576,1	593,7	623,2	579,7	557,0
Driftsinntekter	-123,0	-133,8	-150,0	-107,9	-91,1
<b>Netto ramme</b>	<b>453,1</b>	<b>459,9</b>	<b>473,1</b>	<b>471,8</b>	<b>465,9</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit overforbruk på 1,4 millionar kroner 2016, mot eit mindreforbruk på om lag 1,7 millionar kroner i 2015.

Barnehage hadde samla sett 10 millionar kroner i auka kostnader i forhold til budsjett og 9 millionar kroner i ekstra inntekter, dvs. 1 million kroner i meirforbruk i forhold til budsjett 2016. Det er fleire poster som verker inn på dette, men den største er fleire barn i barnehagane og dermed høgare lønnskostnader.

Skule har samla sett omtrent 1 million i meirforbruk. Det var 7 millionar kroner i meirforbruk til spesialpedagogikk (9 millionar kroner i netto auka kostnader i høve til 2015), men mykje blei dekka opp ved omgjorte timer frå vanleg undervisning slik at det totalt var eit meirforbruk på 3 millionar. Skuleskyss hadde eit meirforbruk på om lag 1,2 millionar kroner.

Kultur går samla sett i balanse.

Samla sett hadde opplæring og kultur eit meirforbruk på om lag 7,4 millionar kroner i forhold til budsjettet. 6 millionar kroner vart dekka opp frå eigne overførte løyvingar slik at resultatet til slutt var eit meirforbruk på 1,4 millionar kroner.

Tenesteområdet hadde i 2016 totalt 674 stillingsheimlar og eit godkjent driftsbudsjett (netto ramme) på 471,8 millionar kroner samanlikna med totalt 662 stillingsheimlar og eit godkjent driftsbudsjett (netto ramme) på 461,6 millionar kroner i 2015.

## **Barnehage**

### Mål og prioriterte oppgåver

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande hovudmål for barnehagane:

- I samarbeid med heimen, vil kommunen arbeide aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle barn i barnehagane i Hå skal oppleve læring og meistring kvar dag.

### **Kompetanseheving**

For å nå desse måla må vi arbeide gjennom dei tilsette i barnehagen. Kommunen legg til rette for å lyfte leiarkompetansen til styrarane. Styrarrolla er i endring, og det kjem stadig nye krav til også denne leiarrolla. Styrarskulen som er ei nasjonal satsing, er eit tiltak for å styrke leiarkompetansen. Vi har tre styrarar og to assisterande styrarar som har fullført denne vidareutdanninga.

Framleis held vi fast på målet om å auke dei tilsette sin formelle kompetanse. Alle tilsette i barnehagen bør ha ei barnehagefagleg utdanning/fagbrev. Hå kommune manglar om lag 22 årsverk som barnehagelærarar. Det er av den grunn gledeleg at det er 18 assistenter som er underveis i løpet til å bli barnehagelærarar og som mottar kommunalt stipend.

Opplæringsplanen for 2016 og 2017 legg i tillegg til rekruttering av barnehagelærarar, vekt på å rekruttere fleire spesialpedagogar. Også ei spesialpedagogisk etterutdanning kan utløyse kommunalt stipend.

Barnehagen har framleis behov for fleire fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. Desember 2016 vart tredje runde avslutta, og 8 nye assistenter frå barnehagane i Hå fekk tatt teorieksamen til fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Eit konstruktivt og godt interkommunalt samarbeid. Februar 2017 startar vi opp med fjerde runde.

Det føregår nødvendig kompetanseheving på ulike plan og nivå. Det viktigaste er likevel at all ny kompetanse, blir implementert i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

### **Planar**

I juni 2016 vart Kvalitetsplan for barnehagen 2016-2019 vedteken i kommunestyret. Det er den fyrste kvalitetsplanen for barnehagane i Hå. Planen gjer retning og mål for det pedagogiske arbeidet. Kvalitetsplanen er eit nyttig, konkret og felles styringsverktøy for å auka kvalitet på det pedagogiske innhaldet. Barnehageåret 2016/2017 har barnehagane i kommunen «*Gode språkmiljø for alle barn*» som felles fokusområde. Dette barnehageåret legg vi dermed til rette for felles kurs og kompetanseheving innafor dette området.

Barnehagebruksplanen er kommunen sitt styringsverktøy og dannar grunnlag for avgjersler som mellom anna vedlikehald, utbygging og lokalisering. Planen vart revidert tredje år på rad hausten 2016, og vart vedteken i kommunestyret i desember 2016. Etter ei stor vekst i

sektoren har ei årleg revidering av barnehagebruksplanen vore naudsynt. Framover skal denne planen bli revidert anna kvart år.

Hausten 2015 starta barnehagane i samarbeid med arbeidslivssenteret og personal- og organisasjonsavdelinga eit sjukefråværsprosjekt. Dyktige og pålogga leiarar og medarbeidarar har ført til at barnehagesektoren har redusert det totale sjukefråværet med 2,4 prosentpoeng, frå 10 % i 2014 til 7,6 % i 2016. Eit resultat vi er stolte av og som gjer inspirasjon til vidare arbeid.

## **Viktigaste hendingar og resultat**

### *Liarutvikling for styrarar*

- Tre styrarar og to assisterande styrarar som har fullført styrarutdanning.
- Jamne styrarmøte med leiarfokus, prosessarbeid og informasjon.
- Held fram med jamne møter i rapporteringsgrupper, mellom anna for å halde oppe fokus på leiarrolla.

### *Rekruttering og tiltak for å behalde barnehagelærarar*

- Vi har 18 assistentar/fagarbeidarar som er undervegs i løpet for å bli barnehagelærarar, enten ved UiS eller ABLU (Dronning Mauds minne i Trondheim). Desse har fast tilsetting og mottar kommunalt stipend.
- Alle nyutdanna barnehagelærarar har lokale rettleiarar. I tillegg blir det gjennomført jamne kommunale samlingar for denne gruppa.
- Alle nye barnehagelærarar mottar nå leiartreningsprogram «Ny som pedagogisk leiar». Bjørnson organisasjonspsykologane er ansvarlege for dette programmet.

### *Kompetanseheving for assistenter*

- Det vart etablert eit interkommunalt samarbeid for å legge til rette for at assistenter i barnehagen kan ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidarar. Februar 2017 starta fjerde runde, og åtte nye assistenter frå Hå er klare for å bli barne- og ungdomsarbeidarar.

### *Andre hendingar*

- I nært samarbeid med arbeidslivssenteret og personal- og organisasjonsavdelinga, starta barnehagesektoren hausten 2015 opp eit sjukefråværsprosjekt. I ein periode på eitt og eit halvt år har det pågått eit systematisk arbeid for å redusere sjukefråværet i barnehagesektoren. Det totale sjukefråværet har i denne perioden hatt ein reduksjon på 2,4 prosentpoeng. Frå 10 % i 2014 til 7,6 % i 2016. Eit svært gledeleg resultat. Målet framover blir oppretthalde dette gode resultatet.
- Ved nytt barnehageår 2016/2017 starta vi med «Gode språkmiljø» som fokusområde, jf. Kvalitetsplan for barnehagen. Her skal vi utvikle og setje språkutviklinga til barn i barnehagen i system og finne gode forskingsbaserte verktøy som kan nyttast som hjelphemiddel i dette arbeidet.

- Oppslutninga av brukarundersøkinga gjekk opp frå 34% i 2015 til 62% i 2016. Den positive auken bidrar til at vi får analysere kvalitet på det faglege innhaldet i barnehagen på eit mykje betre grunnlag.
- Det vart oppretta ei prosjektstilling, rettleiar for fleirkulturelt arbeid. Rettleiaren arbeider primært ut mot fleirspråklege barn. I tillegg får ho på plass fagplanar innanfor dette området.
- Våren 2016 avslutta vi formelt prosjektet «Kompetanse for mangfald», som tre barnehagar har deltatt i. Arbeidet framover blir å implementere arbeidet og kompetansen vi har fått med å være med i satsinga til å gjelde alle barnehagar.
- Kommunalt FAU hadde 5 møter i 2016.

## **Skule**

### Mål og prioriterte oppgåver

- Det er stort fokus på å styrke og utvikle samarbeidet på Jæren om god skulekvalitet gjennom fellesprosjektet Jærskulen. Jærskulen har eit heilskapleg fokus på skuleleiing, og den skulefaglege leiinga er eit viktig satsingsområde. Gjennom Jærskulen ønskjer kommunen å styrke det faglege nivået med mål om å ligge på nivå med Rogaland når det gjeld nasjonale prøver og avgangskarakterar. Over tid har det faglege nivået ikkje vore godt nok i Hå-skulen. Eit anna viktig mål med Jærskulen er å få fleire elevar til å gjennomføre vidaregåande opplæring.
- Det er eit stort fokus på å få nok kvalifiserte lærarar i Hå-skulen. Hå kommune har fleire ufaglærte lærarar samanlikna med landssnitt og nabokommunane. Vi har mange godt vaksne lærarar. Ut frå prognosar kan lærarmangelen bli stor i framtida. I Jærskulesatsinga er eitt av måla å sjå til at ein finn og gjennomfører konkrete tiltak for å få kvalifisert personell i skulane.
- Elevane sitt psykososiale miljø er ein viktig faktor i all læring. Dersom elevane ikkje trivst, er dei heller ikkje motiverte for læring. Eit stort fokus på førebyggjande tiltak og handling dersom mobbing blir avdekka er viktig.
- Bruk av IKT og ny teknologi blir stadig viktigare i skulen. Å auke pc-dekninga i skulen har vore eit prioritert område. I tillegg må bruken av verktøya både blant elevane og lærarane bli meir målretta og hensiktsmessig.
- PPT-kontoret skal være eit systemretta tilbod. PPT skal drive eit aktivt samarbeid med skulane gjennom å leggje til rette for god tilpassa opplæring gjennom kartlegging og oppfølging.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### Bø og Også skule

- Nye Bø skule stod ferdig til skulestart 2016. Skulen har plass til 550 elevar samt ei ATO-avdeling (alternativ tilpassa opplæring) med plass til 20 brukarar. Me er svært nøgde med resultatet av den nye skulen. Den gir eit godt grunnlag for gode læringstilhøve.

- Bygginga av nye Ogna skule starta opp tidleg haust 2016. Skulen skal byggast til 300 elevar og er ein 1-10 skule. Byggearbeidet ser ut til å være i rute og målet er at skulen skal stå klar i årsskiftet 2017/2018

### *Vigre skule*

- Vigre skule blei lagt ned frå august 2016. Elevane går nå i all hovudsak på Høyland skule. Elevane i Lodekrinsen har Motland skule som sin nærskule, men dei fleste her har valt Høyland skule som sin nye skule.

### Jærskulen - Læring i nettverk og skuleutvikling

- Utviklingsarbeidet i skulane er sett inn i ramma til Jærskulen, med nettverkssamlingar på tvers av kommunane. Jærskulen har fokus på rektor som pedagogisk leiar for læringsarbeidet, med mål om betre læringsutbytte. Ein har i 2016 hatt større fokus på lærarnettverk i Jærskulen. Mange lærarar i Hå kommune får nå jamlege faglege treff med lærarar frå andre skular i Jærskulesamarbeidet. Dette er noko me håper vil gje godt fagleg utbytte for lærarane.

### *Eleven sitt psykososiale miljø*

- Kommunen har hatt stort fokus på elevane sitt psykososiale skolemiljø. Det er arbeidd med førebyggjande tiltak og med stort fokus på utfordringar. Vedtak er gjort og det har vore tett oppfølging i enkeltsaker. Kommunen har hatt revisjon av skolemiljøsaker ved utvalde skular i kommunen. Rapporten viser at det vert gjort mykje grundig arbeid på dette området, men den viser også at det er område vi kan være meir samkjørte på og delar me ikkje er like flinke på. Dette er område me vil ha ekstra fokus på og arbeide saman om i 2017. Jærskulen har og utvikla ein nettportal for trygt skolemiljø [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no). Denne portalen skal hjelpe skulen og heimen med å førebygge, avdekke og handtere uønskte hendingar. I arbeidet med trygt skolemiljø er det også etablert eit beredskapsteam mot mobbing i Jærskulen. I tillegg har alle skulane i Hå ein varslingsknapp på heimesida. Her kan elevar og føresette varsle om mobbing.

### *Minoritetsspråklege*

- Talet på minoritetsspråklege elevar aukar i skulen. Den forsterka norskopplæringa dei har krav på krev kompetanse og kommunen har samla denne grunnleggande opplæringa (GNO) på Røde kors huset på Nærbø. Nytt av året er at vi nå gir tilbod om eit 5 dagars tilbod. Det vil seie at elevane i ein periode er på GNO-avdelinga heile skuleveka og at det er ei fleksibel tilbakeføring til heimeskulane. Vi bygger kompetanse på området og ser på GNO-avdelinga som ein viktig ressurs i arbeidet med å få til gode ordningar.

### *Etter- og vidareutdanning*

- Lærarane og skuleleiarane sine faglege kvalifikasjonar har blitt styrka gjennom satsinga på kompetanse for kvalitet, rektorskulen og gjennom kurs og konferansar. Hå kommune har inneverande skuleår 18 lærarar som deltek på «kompetanse for kvalitet» som er eit nasjonalt satsingsområde.

## *Rekruttering*

- Det har vore arbeidd med rekruttering, gjennom konkrete tiltak, for å få tilsett kvalifisert personell i skulane. Dette har vore eit samarbeidsområde i Jærskulen. Vi ser ei gradvis betring i talet på kvalifiserte tilsette i skulane i Hå.

## Analyse av resultat 2016

Vi vil her vise til rapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2016» som blir lagt fram på fellesmøte for dei politiske utvala og i februar 2017. Rapporten blir og lagt lagd fram for kommunestyret i mars 2017. Me ynskjer likevel å ta frå nokre resultat frå rapporten:

### *Fagleg nivå.*

Elevane i kommunen presterer jamt over svakare enn dei andre kommunane i Jærskulen på dei nasjonale prøvane på 5. trinn. Ser ein resultata over dei siste tre åra er det likevel ei betring. Me er nå nærmere snittet i Rogaland og nasjonalt nivå enn for tre år sidan. Det er gledeleg. Dei nasjonale prøvane på 8. og 9. trinn viser betring. På 8. trinn er elevane på nivå med Klepp og Time ved årets nasjonale prøvar.

### *Mobbing.*

*Mobbing blant elevar, digital mobbing, mobbing frå vaksne 2016/2017 nasjonalt, Rogaland, våre kommunar, kjelde PULS:*

	Landet	Fylket	Gjesdal	Hå	Klepp	Time
Mobbing blant elevar	4,7	4,72	4,79	<b>4,59</b>	4,72	4,78
Digital mobbing	4,86	4,87	4,85	<b>4,83</b>	4,89	4,9
Mobbing frå vaksne	4,9	4,9	4,9	<b>4,85</b>	4,91	4,91

Både når det gjeld krenkingar og mobbing ligg kommunane i Jærskulen om lag same nivå som fylket og nasjonalt. Det er små forskjellar mellom kommunane, og det er små endringar frå skuleåret 2015/2016 til 2016/2017.

Denne oppsummeringa frå tilstandsrapporten er gledeleg. Dei siste åra har skulane i Hå jobba iherdig med å minske mobbing og sikre at elevane har ein trygg skulekvardag. I dei siste to – tre åra er kommunen om lag på nivå med dei andre kommunane og med landet elles.



Frå Motland skule. Foto: Anne Lise Norheim

## Kompetanse og utdanning.

Prosent årstimar til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning 2013/2014, 2014/2015, 2015/2016 nasjonalt, Rogaland, våre kommunar, kjelde GSI:

	2013/2014	2014/2015	2015/2016
Nasjonalt	96,8	96,7	96
Rogaland	96,1	95,7	95,5
Gjesdal	95,8	94,3	95,3
Hå	91	89,6	90,8
Klepp	94,5	96,1	95,1
Time	93,3	92	95,8

Tabellen viser at Hå kommune ligg under dei andre kommunane i høve til andelen utdanna personale. Vi har om lag 9% av lærarane som ikkje har fullverdig kompetanse. Det er viktig å få fram at mellombels tilsette i gruppa som undervisar utan å ha godkjent utdanning i stor grad har relevante faglege kvalifikasjoner. Gruppa inkluderer til dømes lærarstudentar som er i utdanning og tilsette som har fagkompetanse, men som manglar pedagogisk utdanning (PPU). Det er om lag 5 lærarar i kommunen som nå tek PPU-utdanninga som vil gje dei godkjent utdanning.

## Kva kan gjerast betre?

Skulane må følgjast opp betre enn i dag. Dei må både støttast og utfordrast. Tenesteområdet vil ha fokus på skuleutvikling gjennom Jærskulen. Dei måla som ligg i mål- og prinsippdokumentet til Jærskulen må haldast fram og tydeleggjera.

For å heve kvaliteten i skulen og få resultata opp på nasjonalt nivå, er vidareutdanning og kompetanseheving av lærarar viktig. Vi må få så mykje kompetanse som råd er, ut frå dei midla vi nyttar. Skuleåret 2016/2017 deltek 18 lærarar i kompetanse for kvalitet. Dette vil styrke den faglege kompetansen på den enkelte skule. For å rekruttere faglærte lærarar er det i tillegg viktig å gjere kommunen ennå meir attraktiv som arbeidsplass.

Talet på elevar som blir mobba skal ned til under nasjonalt nivå. Vi vil fortsette arbeidet med førebyggande tiltak og ha fortsatt stort fokus på utfordinga. Jærskulen sitt arbeid og fokus på eit trygt skulemiljø, gjennom nettportal, beredskapsteam og mobbeknapp vil hjelpe oss med å halde retninga i 2017.

Det er god PC-dekning i skulane. I 2016 har det vært sett ned ei prosjektgruppe for å finne vegna vidare når det gjeld IKT i opplæringa. Ein av konklusjonane er at vi må få til ei dekningsgrad på 1-1 i åra framover.

PPT må oppretthalde sitt fokus på det systemretta arbeidet for å hindre at fleire elever treng spesialundervisning. Elevar med enkeltvedtak låser mykje av dei tildelte ressursane til skulane, noko som fører til at fleksibiliteten i den ordinære undervisninga blir mindre.

## Kultur

### Mål og prioriterte oppgåver

Utvikle biblioteket som møteplass og som arena for læring, oppleving og debatt.

Ha varierte og aktuelle tilbod om fritidsaktivitet til alle, med særleg vekt på barn og unge og til menneske som av ulike grunnar treng særleg støtte. Legge til rette for læring og oppleving av fellesskap med andre.

Ta vare på og formidle kulturarven, gjennom arrangement, produksjonar og vedlikehald av verdfulle faste kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard.

Støtte opp om arbeidet i organisasjonslivet. I kommunen er det mange veldrivne organisasjonar, idrettsanlegg og kulturbygg. Det blir lagt ned om lag 140 årsverk i frivillig arbeid i Hå.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### Biblioteka

- Det totale utlånet i biblioteket gjekk ned med 12,60%, medan besøket gjekk ned med 25%. Utlånet av e-bøker gjekk opp med 31%.
- Biblioteket hadde 217 arrangement, av desse var 188 for barn.

- Biblioteket har fått støtte i 2015 og 2016 frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Attraktiv møteplass for nye lånarar». Midlane har gått til innreiing Litlaståvå på hovudbiblioteket.
- På Ogna har biblioteket hatt dataverkstad for seniorar med hjelp til nettbank, Altinn o.l.

### *Kulturtorget*

- Besøket i Lensmannsløa ungdomsklubb ligg på eit gjennomsnitt på 30 ungdom pr. klubbkveld. Vi har framleis eit godt samarbeid med Varhaug og Ogna skule og Vigrestad storskule. Elevar har valfaget sitt i løa.
- Besøket i Loen ungdomsklubb varierer frå 40 til 60 pr. klubbkveld. I 2016 har det vore særleg mange gutter. Det har vore til god hjelp at me fekk lærling i klubben.
- I tillegg til A-laget som er godt etablert, vart det starta ei ny venne-/aktivitetsgruppe for barn og unge som treng litt ekstra støtte i fritida.
- I 2016 har det vore tilbod om jente-/guttegrupper til Ogna skule og Vigrestad storskule.
- 14 ungdommar frå Ungdomsrådet var med på utveksling, med støtte frå EU sitt program Erasmus+, til Tsjekkia. Tema var «Kulturell forståelse over grenser».
- 31 ungdommar frå Hå var med på Ungdommens kulturmönstring, med 21 sceneinnslag.
- Seniorkafé på Nærbø hadde 30 arrangement, med besøk på mellom 20 og 80 kvar gong.
- Frivilligsentralen hadde 2700 deltakarar på ulike arrangement, om lag 4 årsverk.
- Kulturskulen hadde 446 elevplassar i aktivitet. Musikalen Peter Pan hadde 1800 besøk.
- Hårock fylte 20 år og laga eigen video til stor jubileumskonsert på Jadarheim.
- Kulturskulen ga ut songboka «Me putla og synge - rock og visesongar på jærsk». Det er kjøpt inn klassesett til alle skulane.

### *Kulturvern, Hå gamle prestegard og Obrestad fyr*

- På Hå gamle prestegard vart det vist 15 kunstutstillingar, mellom anna «IKON – religion i russisk samtidskunst» og ei stor mёнstring over Kjell Nupen.
- På Hå gamle prestegard var det 40 arrangement, som vandring i utstillingane, foredrag og konserter. Best besøkte var Haustmarknad og 2. påskedag for familiar.
- Alle 6. klassane i Hå var på besøk på prestegarden i regi av Den kulturelle skulesekken.
- På Obrestad fyr vart kjellar i fyrbygning tørka ut, det var tiltak mot soppangrep og ny fuging (jf. Handlingsplan 2014 – 2020).
- Arbeidet med revidering av kulturminneplan vart meir omfattande enn først tenkt. Det var utarbeiding av digitale mapper, kontakt med huseigarar og nyfotografering.

### *Internasjonalisering, friluft og anna*

- Veka for gjensidig respekt vart arrangert i samband med FN sin internasjonale minnedag for ofra for Holocaust. Tema i 2016 var: Me løfter i lag. Ei utstilling, «Cruelty has a Human Heart», var knytt til dette, med tema som vondskap, tru, dialog og førebygging.

- Ungdomsskuleelevar frå Nærbø, Varhaug og Vigrestad har gjort utbetringer på turstien mellom Vandavatnet og Steinkjerringa. Stien er nymerka og det er laga gangbruer.
- Etter at 400-500 personar mellom 16 og 80 år hadde lagt ned om lag 22.000 dugnadstimar, kunne Varhaug IL opne ny fleir brukshall. Hallen har ein kostnad på 47 mill., av dette bidreg Hå kommune med 15,7 mill.

### *Kva kan gjerast betre?*

Utlånet og besøk i biblioteket gjekk markant ned i 2016. Dette skuldast at hovudbiblioteket var stengt i 5 månader grunna rehabilitering, Vigrestad var stengt om lag like lenge, grunna brannskade, og Ogsa stengt 1 mnd grunna flytting til mellombels lokale. Det er eit mål at vi skal opp igjen på dei same gode utlånstala som før. Gode lesevaner gir livskvalitet og kunnskap og ikkje minst betyr det mykje for barn og unge si læring.

Den høge aktiviteten i Kulturskulen gjer det krevjande å ikkje ha eigne lokale tilpassa behov for øvingar, samt at dei tilsette ikkje har tenlege arbeids- og øvingsplassar. Behovet har funne si løysing i at kulturskule og fritidsavdeling får ta over heile bygget i Loen. Det er løyvd 3 millionar kroner til lydisolering og oppgradering av bygget. Arbeidet kjem i gang i 2017.

Vi har fått gode tilbakemeldingar på tiltaket med jente- og guttegrupper, frå ungdom sjølv, men også frå lærarar og føresette. Samarbeid med Familiesenteret og SLT styrker kvaliteten på arbeidet. Besøket i klubbane er nå så høgt at det set stort press på dei tilsette.

Det ligg eit stort potensiale i å nytte anlegga på Hå gamle prestegard og Obrestad fyr meir aktivt. Eitt av tiltaka kan vere å isolere løene og innreie til større arrangement og klasserom. Isolering vil også hjelpe på varmetap i bygga.

Endring i klima og værtihøve dei siste åra gjer anlegga Obrestad fyr og Hå gamle prestegrad svært utsette. Det er stort behov for utbetring av taka.

## **SLT**

### Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmålet for SLT er å samordne det rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet i kommunen. Kriminalitetsførebygging handlar om å satse systematisk for å unngå kriminalitet i staden for å reparere. Å sikre gode og stimulerande oppvekstvilkår for barn og unge og å sørge for tidleg hjelp og støtte vil kunne bidra til mindre problemåferd, rusbruk og kriminalitet. Målgruppa er barn og unge i aldersgruppa 0-20 år og deira familiarar.

### Viktigaste hendingar

Alle ungdomsskuleelevane i kommunen deltok våren 2016 i Ungdataundersøkinga. I all hovudsak bekreftar analysen av undersøkinga at ungdommane i Hå framstår som veltilpassa, aktive og heimekjære. Det er likevel mange unge som opplever ein del uro og stress i kvardagen. Dette er dei same utviklingstrekkja som elles i landet.

SLT har hatt foreldreforedrag «Eit ungdomsbilete i endring» ved alle ungdomsskulane i kommunen. Foredraget tok utgangspunkt i Ungdataundersøkinga, og formidla korleis vi kan styrke den psykiske helsa og førebygge rus- og kriminalitetsproblematikk.

SLT-handlingsplanen er sentral for arbeidet vårt, og delar av planen vert revidert kvart år. Dei tverrfaglege tiltaksgruppene er sentrale innanfor det utførande nivået, som er rus- og kriminalitetsførebygging i praksis.

Det er satsa innanfor følgjande områder:

- Psykisk helse. Samtalegrupper bør verte etablert på alle ungdomsskulane. Livsmeistring i skulen, som ein del av læreplanen, bør verte prioritert på alle trinn i ungdomsskulen.
- Gode rutinar i kommunen for oppfølging av ungdommar på frivillig ungdomskontrakt og påtaleunnlating med vilkår.
- Tidleg innsats. Fortsatt satsing på foreldrerettleiingsprogrammet Saman om god oppvekst!
- Vald i nære relasjonar. Kommunen har etablert avtale med ATV, alternativ til vald.
- Revidering av handlingsplan mot urovekkjande skulefråvær.
- Utarbeiding av brosjyre over alle fritidstilbod i Hå kommune.
- Tverrfagleg ungdomsteam, TUT. Drøfte utfordringar og tiltak for aldersgruppa 13-20 år.

## Kva kan gjerast betre?

- Psykisk helse. Sikre vidare gode tiltak retta mot den psykiske helsa til jenter og gutter i heile kommunen.
- Betre samarbeid mellom SLT og politi. Faste møtetidspunkt til drøfting av ungdomsutfordringar i kommunen.
- Arbeide for auka prioriteringar hos politiet når det gjeld førebygging. Ei U-18-stilling på dei tre kommunane på Jæren er for lite, og fører ofte til at ein kjem for seint inn i sakene.
- Arbeide vidare for å få eit enda betre tverrfagleg samarbeid for barn og unge i kommunen. Prosjektgruppe for dette er etablert.
- Arbeide for at alle barnehagar og skular får etablert tverrfaglege sosialpedagogiske team som fungerer etter retningslinjene.

# Helse- og sosialsaker

I 2016 har det være stor aktivitet med fokus på utvikling av leiarkompetanse og styrking av samarbeidet mellom avdelingane og andre tenesteområder innanfor kommunen.

## Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla for 2016 var å sikre dei eldre ein trygg livssituasjon, og sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilte og samansette behov.

## Viktigaste hendingar og resultat

### Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Helse og sosial Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2014	2015	2016	2016 *)	2016
Driftsutgifter	516,3	528,1	582,0	582,6	549,9
Driftsinntekter	-180,1	-192,6	-229,4	-204,4	-176,5
<b>Netto ramme</b>	<b>336,1</b>	<b>335,5</b>	<b>352,6</b>	<b>378,2</b>	<b>373,4</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit mindreforbruk (overskot) på om lag 25,6 mill. kroner i 2016, mot 19,5 mill. kroner i 2015.

Hovudårsaka til mindreforbruket i forhold til justert budsjett er vist i tabellen nedanfor.

Forklaring	Mill kr	
Ekstra refusjonar og tilskott	7,7	Meir kompetansetilskott, ekstra refusjon legar, tilskott nye brukarar, statsstøtte rus/PU
Driftstiltak for å møte 2017	8,2	Nedbermanning, utsett oppretting av barnebustad, synergiar heimeteneste
Mindreforbruk lønsmidlar	2,1	Redusert eller billigare innleie ved sjukefråvere
Anna mindreforbruk	7,6	God kostnadskontroll og ressursutnytting
<b>SUM mindreforbruk</b>	<b>25,6</b>	<b>Inkluderer auka avsetning til eigne fond på 4 mill. kr</b>

Tenesteområdet for helse- og sosialsaker legg vedtatt kommuneplan om ei bærekraftig utvikling, samt politisk vedtekne fagplanar til grunn for drift og prioritering. Det er stor budsjettdisiplin innan tenesteområdet. For å kunne sette inn ekstra ressursar i ei avdeling når det er nødvendig, må vi la vere å bruke ressursar når det ikkje er nødvendig.

Tenesteområdet har både for lite og teknisk dårlige lokalar på Nærø. I 2016 vart det nedsett ei politisk arbeidsgruppe for å sjå på behov for eit nytt Helsehus i Nærø sentrum.

Kommunestyret vedtok å sjå på sambruk og gjenbruk av eksisterande lokalar og vurdere eit mindre helsehus om nokre år og har sett av midlar i slutten av økonomiplanperioden.

### **Klagar**

- Innan pleie og omsorg er det mottatt 13 klagar i 2015 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, mot 14 klagar i 2015. 5 saker vart sendt vidare til fylkesmannen, mens det i 2015 vart sendt vidare 10 saker. Kommunen fekk medhald i 1 saker, mot 3 saker i 2015, og 2 saker gav klagar medhald, mot 0 i 2015. 2 saker var det ikkje svara på, mot 3 i 2015.
- 1 klage i psykisk helse og rusvern i 2016, mot 2 i 2015. Klagen vart tatt til følgje, og difor ikkje sendt vidare til fylkesmannen.
- Det er ikkje mottatt klagar i eining for funksjonshemma i 2016.
- Helsetenesta har mottatt 13 klagar i 2016, mot 11 klagar i 2015.
- NAV har mottatt 5 klagar på vedtak, i ei av sakene måtte NAV Hå oppheva vedtaket og vurdera saka på ny, i eit tilfelle fekk den som klagar medhald (naudhjelp).

### **Helsetenesta**

**Legetenesta:** I 2016 hadde 17.691 personar fastlege i Hå, mot 17.721 i 2015. Forklaringa på dette er at dei to nye fastlegane begynte i slutten av året, og ein del av deira pasientgrunnlag er ombyting frå andre lister. Dette skjedde fordi ny kommuneoverlege og smittevernlege er rekruttert internt. Det er ledig listepllass på Vigrestad legesenter, og det kjem nokre nye plasser på Nærbø første del av 2017. På grunn av foreldrepermisjonar, sjukdom og ferieavvikling har me hatt inne 6 vikarlegar, mot 7 i 2015.

**Fengselshelsetenesta** har gjennomført 503 innkomstsamtalar i Åna fengsel samanlikna med 555 innkomstsamtalar i 2015. Nedgangen er på grunn av at dommane er lengre. Fengselet har 179 soningsplassar. Det vert gitt sjukepleiarstavar, legetenester, fysioterapi og pleie- og omsorgstenester i fengselet. 58 har hatt legemiddelassistert rehabilitering (LAR) i løpet av året, mot 57 i 2015. Det har vore fire fangar med vesentlege kroppslege handikap, og det er til ei kvar tid innsette med svært alvorlege kroppslege sjukdommar.

**Legevaka** har siste åra hatt store omleggingar i arbeidsmåtar pga. fleire nasjonale endringar. Telefoniløysning med naudnett/iccs vart teke i bruk mai 2015. Siste halvdel 2016 var det 14.708 innkomande samtalar gjennom døgnet til legevakttelefonen mot 11.208 i same periode for 2015. Omstrukturering av materiell og oppbemannning er venta på plass våren 2017 og vil løysa nokre av utfordringa legevaka står i. Dei viktigaste nye utfordringa vi står overfor er dei nye kompetansekrava til legane frå 1.5.2018. Løysing må planleggas i 2017 før budsjettet for 2018.

**Fysio- og ergoterapitenesta** har totalt gitt 7.199 konsultasjonar til 831 pasientar, mot 6.921 konsultasjonar til 872 pasientar i 2015. Ergoterapitenesta har gitt 531 konsultasjonar i løpet av året, mot 381 i 2015. Syn- og hørselskontakt har gitt bistand til 107 personar, mot 93 personar i 2015. Totalt har fysio- og ergoterapitenesta hatt 1.626 tilvisingar i løpet av året, mot 1.463 i 2015. For å kunne møte det aukande behovet for innan tenesta fekk 184 pasientar sitt tilbod i gruppetrening, 191 i basseng med varmt vatn (av dei 49 barn) og 12

barn i terapiriding i 2016. Det har vore 25 personar med aktiv individuell plan i løpet av året, mot 22 personar i 2015.

**Frisklivs- og meistringssenteret** har i 2016 hatt 83 nye tilvisingar mot 97 nye tilvisingar i 2015. Frisklivssentralen samarbeider nå tettare med frisklivssentralane i Klepp, Time og Gjesdal. Kurs vert arrangert på tvers av kommunegrensene. Det er arrangert 8 kosthaldskurs og 1 røykesluttkurs dette året, mot 8 kosthaldskurs og 2 røykesluttkurs i 2015. Frisklivs- og meistringssenteret samarbeider med Jæren DPS og nabokommunane om «Aktiv på dagtid». I tillegg har Frisklivs- og meistringssenteret i samarbeid med Nærland Rehabilitering arrangert kurs i mestring for KOLS-pasientar og personar som slit med overspising. Saman med nabokommunane har vi arrangert 2 temasamlingar for deltakarar i Friskliv/Aktiv på dagtid.

**Miljøretta helsevern.** Kommuneoverlegen møter fast i planressursgruppe og gjer uttale til planar og synfaring ved barnehagar og skular. Når det gjeld tilsynsarbeidet vert dette i stor grad utført av miljøhygienikar som er knytt til Brannvesenet i Sør Rogaland. Vi er i rute i høve til krav om godkjenning av skular og barnehagar, samt tilsyn med desse om lag kvart tredje år. Det vert utført badevatn prøvar i samarbeid med tenesteområde for tekniske saker og næring om sommaren på same nivå som tidlegare år.

**Smittevern:** Det har det ikkje vore større smittesaker i 2016. Det er ein klar nedgang i arbeidsinnvandring men ein viss auke i busette flyktningar og familiesameinte. 81 er undersøkt i samsvar med forskrift om tuberkulose, 14 har ikkje møtt til pålagt undersøking og 8 vart tilvist på tampen av 2016

## Helsestasjonane

Helsestasjonstenesta arbeider vidare med intern revisjon og kvalitetssikring. Nye prosedyrar for helsestasjon 0-5 år vart sett i verk i desember 2016. Neste område for internrevisjon og kvalitetssikring er først jordmortenesta, så skulehelsetenesta. Det er gjennomført brukarundersøking ved helsestasjonen for ungdom. Svarprosenten var 63%.

Heile 97,5% av respondentane var samde i at dei i det heile var nøgde med besøket på helsestasjon for ungdom.

Talet på fødslar i kommunen har vore 270, som i 2015. Jordmor har i 2016 hatt 289 konsultasjonar (nye gravide), mot 286 i 2015.

Det er gitt reisevaksine til 316 personar, mot 385 i 2015. Det har vore totalt 599 reisevaksinekonsultasjonar, mot 738 reisevaksinekonsultasjonar i 2015.

«Hopp i Hå» er eit opptrening- og meistringstilbod til overvektige barn og deira føresette. 29 personar deltok i 2016 mot 37 personar i 2015. Prosjektet er drive av helsestasjonen i samarbeid med fysioterapitenesta og Frisklivs- og meistringssenteret.

**Helsestasjon for ungdom (HFU)** er for ungdom frå 13-20 år, er lokalisert på Nærø og har ope 2 timar i veka. Talet på besökande har vore 279 (inkludert 64 som fekk HPV vaksine) mot 160 i 2015. 93% var jenter mot 86% i 2015. Fordeling av besökande:

	2015	2016
Nærø	176	97
Varhaug	23	5
Vigrestad	18	9
Brusand/Ogna/Sirevåg	16	6
Andre kommunar (Tryggheimselevar)	46	43
<b>Sum besökande</b>	<b>279</b>	<b>160</b>

Målet er undervising av alle 10. klassar i kommunen. HPV-vaksinasjon starta opp den 7.11.16. Det vart tatt 56 testar for kjønnssjukdom SOI ved HFU i 2016.

Ved ordinær avdeling i mottaket på Nærland gjennomførte helsesøster 26 førstegongssamtalar, mot 46 i 2015. Avdelinga for smittervern ved helsestasjonen har konsultert 29 busette flyktningar der 6 av dei har fått familiesameining med i alt 25 familiemedlemmar. Det er satt av 40% helsesøsterressursar til smittevernarbeid.

## Barnevern

Barneverntenesta opplever auke på dei aller fleste områda. Vi har hatt fokus på samarbeid med interne og eksterne for å skape god flyt mellom tenester gitt til barn og unge. Felles tiltaksavdeling med Klepp og Time starta i siste halvdel av året og fungerer tilfredsstilande. Det er gjennomført brukarundersøking i barnevernet. Svarprosenten var låg, men ca. 90% av dei som svara var nøgd med barnevernet.

Det kom totalt 324 uromeldingar i løpet av året, mot 235 i 2015. Dei fleste meldingane kom frå skule, barnehage, politi og frå barnet sitt nettverk. Barnevernet heldt fristane for gjennomgang av meldingar. Det vil seia at barnevernet gjekk gjennom alle meldingane innan 6 dagar. Det var 8 akuttsaker i løpet av året, mot 6 akuttsaker i 2015.

	2012	2013	2014	2015	2016
Uromeldingar *	244	257	324	235	324
Nye undersøkingar	179	170	228	207	260
Avslutta undersøkingar	188	128	189	227	242
Henlagte undersøkingar	80	50	113	121	136

\*) Bekymringsmeldingar. I tillegg kjem meldingar i saker som er lagt bort

Før ei eventuell omsorgsovertaking er ulike hjelpetiltak utprøvd.

	2012	2013	2014	2015	2016
Barn i hjelpetiltak	108	98	98	113	145
Barn i institusjon, utan samtykke	1	0	0	1	1
Barn i institusjon, med samtykke	0	1	1	0	0
Mellombels vedtak i akuttsituasjon	3	5	5	6	8
Fosterbarn kommunen har tilsvynsansvar for (plassert av andre kommunar + Hå)	72	75	75	73	78
Barn plassert i fosterheim frå Hå	18	23	25	26	41*

\* inkludert 11 einslege mindreårige (EM)

## Omsorgstenesta

Pleie- og omsorgstenesta har teke imot alle pasientar frå sjukehuset som er klare til utskriving. Fagteamma fungerer tilfredsstillande, og det er god flyt mellom dei ulike tenestene. Samarbeid med sjukehus og med andre tenesteområde i kommunen er i fokus. Det er gjennomført brukarundersøkingar i heimetenesta, både utviklingshemma brukarar og pårørande. Svarprosenten for brukarundersøkinga var 88%. 90,5% av dei svara ja på spørsmålet; «Alt i alt, er du fornøyd med hjelpe du får?» For pårørandeundersøkinga var svarprosenten 36%, og 94,4% av dei var nøyde med tenesta brukarane tok imot.

Tabellen syner talet på personar som har fått tenester frå kommunen si heimeteneste.

	2012	2013	2014	2015	2016
Heimesjukepleie	418	420	424	420	440
Praktisk bistand	366	357	313	308	268

Talet på brukarar av heimebaserte tenester held seg stabilt for heimesjukepleie. Det vi ser er at pasientar vert skrivne raskare ut frå sjukehus og vi får derfor heimebuande pasientar som er dårlegare enn før. Dette fører til at heimetenesta no utfører meir kompliserte sjukepleiefaglege oppgåver i heimane enn tidlegare.

Nedgang i praktisk støtte kan forklaraast med strengare kriterium for å få tenesta. Kriterium for å få tenesta vart innført i slutten av 2012 og effekten av det som vi såg i fjor held fram.

Tabellen under syner talet på personar med dei ulike tenestene pr. 31.desember for kvart år på Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim og Heimtun.

	2012	2013	2014	2015	2016
Langtid	98	101	110	110	110
Avlastning	5	16	22	15	13
Avslag søknadar langtidsplass	6	16	11	4	3
Klagar avslag søknad om langtidsplass	1	1	2	2	0
Snitt butid langtidsplass	1,5 år	3 år	2,4 år	2,6 år	2,6 år

163 personar har hatt korttidsopphald i løpet av året, samanlikna med 162 året før. Personalet ved Heimtun har også ansvar for tenester til bebruarane i 32 trygde- og omsorgsbustader. Dette blei overført til heimetenesta i slutten av 2016.


118 personar har fått tilbod om strakshjelp gjennom 143 opphald. Samanlikna fekk 108 personar tilbod om strakshjelp gjennom 159 opphald i 2015. Hovuddelen av dei som fekk strakshjelp i kommunen vart skrivne ut til heimen eller gjekk over til korttidsopphald ved sjukeheimen. 17 vart innlagde ved sjukehus ,mot 21 innlagde ved sjukehus over til i 2015.

61 personar har fått lindrande behandling i heimen, mot 51 i 2015.

Tenesteområdet sine dagavdelingar for eldre gjev aktivitetstilbod og fungerer samtidig som avlastning for pårørande, heimetenesta og institusjonane. Totalt 84 personar har hatt vedtak om tenesta, mot 77 i 2015.

**Kvardagsrehabiliteringa** starta opp 01.09.15. Frå 01.01. til 25.11.16 er det kome inn 73 søknadar, mot 12 i 2015. For brukarane ser vi resultat i forhold til at dei blir meir sjølvhjelpe i forhold til aktivitetar i dagliglivet og gir uttrykk for auka kjensle av meistring og tryggleik. Ved å styrke brukaren si evne til å klare seg sjølv bidreg en til redusert hjelpebehov fra kommunen.

Desse har vist pasientar til kvardagsrehabilitering:



I eining for funksjonshemma, ser vi ein klar trend i auka tal på brukarar, og at behova er meir samansette enn tidlegare.

Dagavdelinga for psykisk utviklingshemma har eit godt og variert tilbod. 26 personar nytta denne tenesta i året som gjekk, mot 27 i 2015. Det er fleire som ynskjer dette tilbodet. Dagavdelinga for psykisk utviklingshemma inkluderer Grøn omsorg. I dette tilbodet deltar psykisk utviklingshemma i dei arbeidsoppgåva som må gjøras på et gardsbruk.

Blåbærtua avlastningsbustad har totalkapasitet på 2190 avlastningsdøgn pr. år.

	2012	2013	2014	2015	2016
Blåbærtua – brukarar	14	14	14	15	17
Blåbærtua avlasting døgn	1 014	900	936	1 024	1 135
Privat avlasting	22	18	27	36	36
Støttekontakt *	*	*	*	114	118
Omsorgsløn – personar	18	20	21	22	18
Brukarsyrd personleg ass (BPA)*	*	2	3	4	3

Det har vore 157 heimebuande funksjonshemma med tenester i løpet av året, mot 167 i 2015. Av desse er 85 under 18 år, mot 80 i 2015.

Det er 8 bufellesskap i kommunen med til saman 50 leilegheiter. 6 av desse har døgnbemanning. I 2016 var det 0 personar som flytta inn i leilegheit, mot 2 i 2015. Det vart oppretta 1 barnebustad, det same talet som i 2015. Kommunen har i dag 4 barnebustadar.

44 personar budde i omsorgsbustad med fast personell heile døgnet, det same talet som året før. I tillegg bur 7 i bustad utan personalbase, men mottar tenester. Dette er ein auke på 1. Tenestene er i hovudsak gjevne av personale frå nærliggjande bufellesskap.

## Psykisk helse og rusvern

Psykisk helse og rusvern har framleis fokus på å implementere recoverybaserte tenester. Saman med 14 andre kommunar er avdelinga med i eit læringsnettverk i regi av blant anna KS og Fylkesmannen i Rogaland. Renoveringa av aktivitetssenteret vart ferdigstilt våren 2016, og lokale fungerer svært godt. Det er gjennomført brukarundersøkingar brukarar innan psykisk helse.

Psykisk helse og rusvern har gitt tenester til totalt 335 personar, mot 296 personar i 2015. 250 personar har fått heimeteneste, mot 198 i 2015. Andre tenester som ligg i desse tala er fordelt på gruppetilbod og støtte- og treningskontakt. 15 (13)\* personar har fått institusjonstenester (inkludert korttidsopphald) på Vinkelbygget, 17 (16)\* personar har hatt bustad i hybelhuset og 5 (2\*) personar har nytt krisehybel i hybelhuset. Aktivitetssenteret har gitt tilbod til ca. 45-55 unike brukarar i gjennomsnitt pr. veke, mot 30-40 i 2015. (\*talet i 2015)

**Heimetenesta** har gjennomført kurs i depresjonsmestring (KID) for 17 personar i 2016 mot 19 i 2015.

**Psykiatritenesta** har utført 195 kartleggingar i løpet av året, mot 175 i 2015. Dette talet har stege jamt og trutt dei siste åra.

**Rusverntenesta** har hatt 76 klientar, som i 2015. 2 personar har fått tenesta bustadsosialt arbeid i løpet av året, mot 6 i 2015. Denne nedgangen skuldast at dette tilbodet er registrert i andre tenestetypar i 2015.

Brukarplanundersøkinga frå 2016 syner at Hå kommune framleis har ein stor del unge rusmisbrukarar. 20% av dei registrerte er mellom 16 og 23 år.

I statsbudsjettet som vart vedteke i desember 2016 fekk Hå saman med Time, Klepp og Gjesdal pengar til ettervernsprosjekt knytt til rus og psykisk helse.

**Flyktningeheten** starta opp 01.03.16 i Jadarvegen 5 på Nærø. Det er busett 38 vaksne og familiær. Vi tok imot dei første overføringsflyktningane, ein familie i leir frå Libanon, og ein familie i leir frå Tyrkia. Vi har 80 deltagarar i introduksjonsordninga. Dei kjem frå 10 land. Dei største landa det kjem flyktningar frå er Syria, Eritrea og Somalia.

**Familiesenteret** har ytt psykisk helsearbeid til barn og unge til 317 personer og av disse er 18 gitt eit tilbod i gruppe i Circle of security (Cos ). Av desse 317 er 95 ytt til barn og unge i alderen 6 - 17 år og 176 personer i alderen 18-49 år. 14 er i alderen 50-66 år.

Familiesenteret har hatt 255 førespurnadar, av desse er 185 nye.

Det er gitt tilbod i Circle of Security Parenting (Cos P) i gruppe for foreldre, tre grupper, to på våren og ei på hausten, totalt 18 personer. Det er i tillegg gitt kurs i Cos P for assistentar i barneskulan i Hå kommune. Totalt 32 personar har fått eit forkorta tilbod på 4 timer.

Familiesenteret har hatt to grupper for jenter i alderen 11- 12 år på Motland og Bø skular. Desse kjem i tillegg til dei 317 registrerte.

Fordelt på kjønn

102 er menn og 183 er kvinner + 17 i jentegrupper, samla 200 kvinner.

### Kommunale bustader

Talet på søkerar til kommunale bustader for vanskelegstilte var totalt 107 i 2016 mot 111 i 2015, av dette var det 55 nye søkerar mot 75 nye søkerar i 2015.

### NAV/sosialtenesta

Tabellen under syner talet på stønadsmottakarar og fordeling på stønadstypar.

	2012	2013	2014	2015	2016	Endring
Økonomisk sosialhjelp	7 821 694	10 028 221	9 229 299	12 262 642	13 537 899	1 275 257
Sum stønadsmottakarar	236	227	291	324	308	-16
Sosialhjelp flyktning (0-5 år)	1 775 345	1 400 000	2 873 378	3 972 049	5 369 250	1 397 201
Sum stønadsmottakarar			57	77	119	42

Det er gitt gjeldsrådgjeving til 90 personar i løpet av året, mot 85 i 2015.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka både til ordinær sosialhjelp og til flyktningane. Kommunen har tatt imot 38 flyktningar i 2016 mot 35 i 2015. Dei har rett på mellom anna tilskot til etablering og til livsopphald/husleige frå busettingstidspunkt og fram til start av introduksjonsprogrammet. Her får deltagarane utbetalt introduksjonsstønad, med noko supplerande til livsopphald.

Det har vore 25 deltagarar i Kvalifiseringsprogrammet (KVP) i 2016, mot 18 i 2015. Talet på deltagarar i KVP vil auka noko i 2017.

29 personar har vore sysselsette i varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA), det same som i 2015. I tillegg er det 4 personar med varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift, av dei totalt 5 plassane kommunen har til disposisjon.

Vedlikehaldsverkstaden har utført arbeid på oppdrag av tenesteområda i kommunen. Det har vore god tilgang på arbeidsoppgåver. 29 personar har hatt arbeid/arbeidstrening/opplæring i løpet av året, mot 34 året før.

## Andre tenester

Handsaming av skjenkeløyve i samsvar med alkohollova er ført over til Servicetorget i sentraladministrasjonen i 2016.

3 leilegheiter er blitt renoverte, mot 6 i 2015, i tillegg til mange mindre renoveringar.

Tenesteområdet har 62 bilar, mot 59 bilar i 2015. Det er seld 1 og kjøpt 4 bilar, mot 4 seld og 6 kjøpt i 2015. Ordninga med at tenesteområdet hadde ansvar for 10 private trygdebilar vart avvikla i 2015.

## Kva kan gjerast betre?

I 2017 vil vi fortsette arbeidet med internkontroll med fokus på Risiko og sårbarheitsanalyser (ROS).

Vi vil også fortsette digitaliseringa i tenesteområdet for helse- og sosialsaker. Dette vil omfatte både å ta i bruk nye fagprogram eller utnytte funksjonaliteten betre i dei eksisterande fagprogramma, og å sikre god kommunikasjon mellom dei.



Foto: Anne Lise Norheim

# Tekniske saker og næring

## Mål og prioriteringar

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar og legga til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammar. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.»

## Viktigaste hendingar og resultat

Arbeidet med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur, bustadomter og næringsareal i Stokkalandsmarka vart påbyrja i august 2016. Det er planlagt ferdigstilling av anlegget i mai 2018. Dette vil føre til klargjering av opptil 119 bueiningar, samt 30 dekar næringsareal. Dette er ein stor og nødvendig investering for den vidare utviklinga av Stokkalandsmarka. Arbeidet med omkjøringsveg nordvest for Brusand vart utsett på grunn av manglande løyve frå fylkesmannen, og anlegget startar opp i februar 2017.

Flaumkartlegging med prioritering av tiltak av dei største tettstadene i kommunen vart overlevert kommunen. Nokre av tiltaka frå denne er innarbeidde i økonomiplan 2017-2020, og nokre var allereie innarbeidde i tidlegare plan. Tiltak med omlegging av Vollbekken vart påbyrja. Dette er eit viktig tiltak for å skjerme Vigrestad frå flaum utanfrå tettstaden.

Opparbeiding av voll i Haugstadskogen vart også ferdigstilt.

Sanering i Opstadvegen er i gang, og dette anlegget vert ferdigstilt i 2017. Det har også vore utført saneringsarbeid i Litlagrøna på Vigrestad, samt sanering og vegarbeid i Sirevåg .

Opparbeiding av Tjemslandsmarka næringsområde er ferdig og klargjort for sal.

Opparbeiding av næringsområde i Krusemarka vart påbyrja hausten 2016. Her vil det bli tilrettelagt med fjernvarme.

Andre anlegg som vart ferdigstilte er omkjøringsveg nord for Nærø, samt parkeringsplassen ved Varhaug kyrkje.

Det skal utarbeidast sentrumsplanar for alle tettstadene i kommunen. Planprogram for Nærø sentrum vart vedtatt i kommunestyret 15.09.2016, k-sak 052/16. Denne planen legg opp til ein brei medverknadsprosess med bruk av gjestebodsmodellen som er ein medverknadsprosess som går ut på at ein gjestebodsvert inviterer innbyggjarar heim til seg for å diskutere ulike tema angående sentrumsplanen.

Utbyggingsplan for Stokkalandsmarka vart vedtatt i kommunestyret 17.11.2016, k-sak 089/16. Denne legg ein vidare strategi for utvikling av området.

Den gjer svar på kva utbyggingstiltak som bør gjerast for at dei føringane som er lagt i kommuneplanen skal la seg gjennomføre. Vidare korleis feltopparbeidingsa gjennomførast for at målsetjingane for utviklinga av området kan nåast, samt kva behovet er for nye investeringar i åra framover.

## Generelt

Teknisk og næring Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2014	2015	2016	2016 *)	2016
Driftsutgifter	166,2	165,4	173,6	171,4	132,6
Driftsinntekter	-132,6	-130,8	-137,2	-133,7	-98,1
<b>Netto ramme</b>	<b>33,5</b>	<b>34,6</b>	<b>36,4</b>	<b>37,7</b>	<b>34,4</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Tenesteområdet hadde i 2016 55,7 stillingsheimlar

Rekneskapen frårekna sjølvkosttenestane (VAR-området) syner eit mindreforbruk på ca. 1,36 mill. kroner. Dette skyldast i hovudsak sparte lønsmidlar på vakante stillingar gjennom året, samt på teneste 3350 grøntanlegg .

## Sjølvkostområda

For avløp var det eit mindreforbruk på 4,62 mill. kroner. Dette skyldas større levering av avløpsvann enn budsjettet, samt innbetaling av anleggstilskott.

For vatn var eit mindreforbruk på 1,18 mill. kroner. Dette skyldast hovudsakleg mindreforbruk på administrasjon med kr. 450.000, kapitalkostnader med kr. 100.000 og kr 550.000 på øvrig drift. Desse midla vert sette av til fond som må nyttast til formål innanfor VAR-sektoren.

Tilsvarande er det for teneste 3030 oppmåling for 2016 eit overforbruk på 331.000,-. For byggesak var det eit mindreforbruk på 218.000, mens det for teneste 3380 feiling/tilsyn var eit overskot på 147.000 kroner.

## Investeringar

Millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016
Teknisk og næring	59,2	54,5	83,0	182,6	184,8

Dei store prosjekta går stort sett etter planen. Utgiftene i 2016 har hovudsakleg gått til bustad- og industriområde (rundt 70 millionar kroner), vass-, avløp- og kloakk (rundt 38 millionar kroner), vegar, trafikksikring og sentrumsutvikling (rundt 40 millionar kroner).

Utval for tekniske saker og næring hadde i 2016 10 møter og behandla 152 saker:

År	Reg.	Deling	Bygg	Klage	Konsesj.	Utb. avt.	Veg/ trafikk	Budsjett	Div.	Sum
2016	22	7	8	31	8	3	13	6	54	152
2015	26	16	36	44	7	2	6	10	42	189
2014	26	30	52				7			169
2013	35	19	89				9			211
2012	34	34	67				6			206

## Arealplan

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Godkjende private reguleringsplanar	Stk	3	3	5	5	5
Godkjende kommunale reguleringsplanar	Stk	3	5	3	5	4

I 2016 vart det arbeida mykje med kommunedelplan for sentrum av Nærø og medverknad i planarbeidet. Det vart arbeidd med vidareføring av omkjøringsveg nord for Brusand og opp til Stokkalandsmarka og vidare austover til der den møter fv. 133, Fuglestadvegen. Dei arkeologiske registreringane er ikkje fullførte.

Reguleringsplan for Jærmuseet, barnehage på Vigrestad, Åna fengsel, bustadområde i Hadlandsdalen, barnehage på Brusand og ny Ogsa skule vart høgt prioritert.

Følgjande kommunale reguleringsplanar vart godkjende:

- Vigrestad barnehage, Ogsa skule, Åna kretsfengsel og Refsnesskogen.

Det vart utarbeidd forslag til reguleringsplan for Jærmuseet.

Det vart starta arbeid med reguleringsplan for ny barnehage på Brusand.

## Byggjesak

Etter gjeldande bustadbyggingsprogram (Kommuneplanen) var det lagt til grunn at det skulle byggast 166 bustader i 2016. Det vart likevel ein markert nedgang som truleg i alt vesentleg skuldast usikkerheit knyta til den økonomiske utviklinga i regionen.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Godkjende bustader (bueiningar)	Stk.	324	208	171	99	78
Saker etter delegasjon	Stk.	512	502	569	408	352
Gitt byggjeløyve	Stk.	308	362	366	295	267
Erklæringer om konsesjonsfridom	Stk.	75	85	107	101	108
Eigedomssopplysningar til meklar	Stk.	317	364	327	321	280

- Meklaropplysningane vart frå 01.07.2015 levert elektronisk gjennom Ambita AS.

## Kart og oppmåling

Tenesteområdet skal framskaffe og vedlikehalde eit tilfredsstillande kartverk i samsvar med sosi-standarden for kommunen. Arbeidet med adressering av eigedommar, gjennomføring av kart- og delingsforretningar og produksjon av matrikkelbrev er også lagt til avdelinga.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Nye matrikkeleiningar	Stk.	258	235	238	190	74
Samanføying av eigedomar	Stk.	7	20	18	15	13

- Det vart tildelt 161 nye vegadresser i kommunen.
- Historiske ortofoto basert på 1.gangs kartlegging av økonomisk kartverk (1967) er lagde inn i *Norge i bilder*.

## **Bustadfelt - Stokkalandsmarka**

Sal av tomter i Stokkalandsmarka for siste delfelt på 32 tomter er ved årsskiftet 6 stk., samt at det er gitt opsjon i 2 år til 11 forskjellige firma på tomter her. Det er tidlegare gjort vedtak om at det alltid skal vere byggeklare tomter i Stokkalandsmarka for sal. Per 1.1.2017 var 10 tomter ledige for sal. Nye 35 tomter vert klare for sal i 1. halvdel av 2017.

- Vidare opparbeiding av Austmarka vart utsett til etter 2020 i økonomiplanen for 2017 - 2020.

## **Næringsområda**

Det vart inngått avtalar om sal av næringstomter til Hå Element, Erik Håland Invest og Vigrestad Bygg. Avtalane blei inngått seint i året og inntektene på ca. 15 millionar er dermed ikkje inntektsførte i 2016.

I 2016 vart Tjemslandsmarka på Varhaug ferdig opparbeida og klar for sal. I Stokkalandsmarka sør og Krusemarka på Nærbø vart opparbeiding starta. Nylund i Sirevåg er stort sett ferdig utsprengt og fjellmasser fjerna, men noko arbeid står att.

## **Trafikksikring**

Ny rundkøyring på fv. 160 Bernervegen på Nærbø med undergang for gang- og sykkelveg blei fullført i 2016.

Aktivitet	Eining	2016
Gang- og sykkelveg	meter	1.400
Fartsdempande tiltak	Stk.	2
Gatelys	Stk.	125

- Rundkøyring i Parkvegen blei utbetra for å vere meir tilpassa krysset og samstundes oppretthalda funksjon som eit trafikksikringstiltak.
- Fartsdempande tiltak vart etablert på utsette stader.
- Eit 4-årsprosjekt om utskifting av 1.444 stk. kvikksølvlamper til LED med støtte frå Energifondet (Enova) blei avslutta i 2016. Dette har resultert i ei betydeleg energiinnsparing på forbruk frå gatelys. Statens vegvesen monterte intensivbelysning over gangfelt på fylkesvegar fleire stader i kommunen.

## **Veganlegg**

I økonomiplanen har fleire store vegprosjekt vore prioriterte for gjennomføring i fleire år. I tillegg til fullførte prosjekt nemnde under avsnitt Trafikksikring, vart omkjøringsveg nord for Nærbø (Bjorlandsringen) og Vigrestad (Småhaugane – Småhaugvegen) fullført. Opprusting

av Skandsabakken/Vågen i Sirevåg pågår framleis. Ny omkjøringsveg Brusand (Fv 44 – Stokkalandsvegen) startar opp mars 2017.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Kommunale vegar. Nyanlegg	M	1 060	740	440	800	1 263
Reasfaltering	M	755	1 160	2 600	3 234	2 200
Private vegar med tilskot til grusing	M	4 820	2 950	1 040	1 950	2 700

- Per 31.12.2016 har Hå kommune 153 900 meter kommunale vegar.

## Parkar og leikeplassar

Kommuneplanen inneholder retningslinjer for planlegging og utforming av grøntdrag og leike- og oppholdsareal i tettstadene. Planen har føresegner om utforming av leike- og oppholdsareal. Med ei tettstadsutvikling med auka satsing på konsentrerte buformer, blir buminjø og grøntanlegg stadig viktigare. Det er under utarbeidning ein overordna grøntplan som vil bli lagt frem til politisk behandling i løpet av året. Den skal visa samanhengande tursamband mellom tettstadene og hovud turområder i kommunen. Tiltaksplanen skal beskrive kva som manglar i disse forbindelsar for å komme seg trygt fram til startpunktet frå togstasjon med sykkel eller på fot. Det er i år ikkje opparbeida leikeplassar, men det vil bli opparbeida i forbindelse med den vidare utviklinga i Stokkalandsmarka.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Ferdigstilte leikeplassar	Stk.	5	1	3	1	0

- Opparbeida del av tursti ved fleirbruksbane i Stokkalandsmarka (nærmiljøanlegg).

## Brann og feiing

Auknen i folketalet i kommunen har direkte verknad for dimensjoneringa av brannvernet. Det førebyggjande arbeidet er viktig for å hindre brannar og ulukker.

Ny brannordning vart lagt fram til politisk behandling i 2016 og godkjent av kommunestyret 15.12.2016, k-sak 099/16. Hå kommune fortsetter drift av eige brannvesen.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Brannutrykkingar	Stk.	140	170	155	139	125
Brannsyn i § 13-bygg	Stk.	160	160	160	158	71
Brannsyn i bustader	Stk.	1 657	1 180	1 265	737	1 989
Piper som vart feia	Stk.	2 003	1 695	1 700	1 907	1 978

- Ny forskrift om brannførebygging trådde i kraft 1.1.2016. Forskrifta opnar opp for at kommunane, ved brannvesenet, sjølv skal kartlegge risiko og disponere førebyggande ressursar ut frå behov. Dette gir større rom for fleksibilitet, samstundes som det sett større krav til dokumentasjon. Ny forskrift og risikobaserte prioriteringar er årsaka til ein nedgang i talet branntilsyn i § 13-bygg.

## Vassverk

For ein kommune med mykje næringsmiddelindustri er ei god og sikker vassforsyning viktig. I dag har kommunen einsidig forsyning frå IVAR sin hovudleidning som kjem nordfrå og går gjennom kommunen til Hagavatnet, med sideleidning fram til Sirevåg i sør. Reduksjon av lekkasjar, bygging av ringleidningar og utskifting av eldre leidningsanlegg, m.a. eternitleidningar, er viktige tiltak for sikring av ei god vassforsyning. Inndeling av vassnettet i soner med sonevis vassmåling og utskifting av gamle vasskummar er viktige verkemiddel for å avdekke vasslekkasjar.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Abonnentar knytte til kom. vassverk	Stk.	6 008	6 203	6 620	6 953	7 095
Lagt vassleidningar i tettstader	M	1 256	270	2 178	1 874	1 303
Lagt vatn i spreidd busetnad	M	3 950	0	5 119	5 792	1 977

- Per 31.12.2016 eig kommunen 282 590 meter vassleidningar.
- Det vart bygd 1 ny trykkreduksjonsstasjon i 2016.
- Det er i gang eit planarbeid for å sikra vassforsyning gjennom kommunale leidningar ved brot eller vedlikehald av IVAR sin hovudleidning.
- Sanering av vassleidning frå Efjestad til Håland høgdebasseng vart avslutta i 2016. Arbeidet skjedde i samarbeid med Jæren Everk.
- Arbeidet med den nye Hovudplanen for vatn, avløp og vassmiljø vart stort sett ferdig i 2016 og vil bli lagt fram til politisk behandling i 2017.

## Kloakk


Handteringa av overvatnet er ein viktig del av arbeidet med sanering og oppdimensjonering av gamle avløpsanlegg. Hå betalar truleg om lag 2 mill. kroner ekstra for unødvendig reinsing av regnvatn i året (2015-tal). Dette gjeld lekkasje av regnvatn inn i kloakkleidningar, for eksempel i form av overløp mellom kloakk og overvassleidningar m.m.

Handtering av overvatnet frå tettstadane har blitt meir omfattande og utfordrande grunna auka nedbørintensitet dei siste åra. Arbeidet med å oppdimensjonere overvassleidningar, fjerna fellessystem, overløp og feilkoplinger er gitt høg prioritet. Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø inneholder oversikt over aktuelle tiltak i eit langsigktig perspektiv. Den omfattar også handtering av dei flaumutfordringane kommunen har.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Abonnentar knytt til kom. kloakk	Stk.	5 953	6 206	6 615	6 664	6 824
Lagt avløp i spreidd busetnad	M	3 950	0	5 119	6 630	4 241
Lagt avløp i tettstader	M	1 256	270	2 178	6 630	1 755
Abonnentar med slamtømming	Stk.	409	397	390	355	330

- Per 31.12.2016 eig kommunen 384 km med avløpsleidningar.

- Kloakksanering og vidareføring av ny overvassleidning i Opstadvegen aust for jernbanen vart starta etter at kryssing under jernbanen vart gjort.
- Sanering i Litlagrønå, Løgefeltet m.m. på Vigrestad vart starta i 2016.
- Arbeidet med ny kloakkledning frå Brusand til Brusali er i gang. Anlegget var ved slutten av året kome fram til Brusali, men nokre strekk står att (Topdal - Fredheim) og (Matningsdal - Åsane/Rånaheia).
- Kloakkering av området Reime – Sør-Reime - Grødalaland vart ferdig.



Figuren på ovanfor viser korleis avløpsmengdene varierer i takt med registrert nedbør i same periode. I enkelte periodar kan over halvparten av kloakkmengda til reinseanlegga vere overflatevatn. Figuren viser også kjøpt vatn per månad samanlikna med selt vatn (gjennomsnitt per år). Differansen utgjer vasslekkasjar frå vassleidningsnettet

## **Renovasjon**

Kommunen har i dag innsamling av fire avfallsfraksjonar. Den sterke auken i konsentrerte buformer medfører ei aukande utfordring i forhold til plass og handtering av avfallsdunkane. Felles nedgravne avfallsløysingar er eit godt og arealsparande alternativ. Miljøstasjonen på Pytten er eit ekstratilbod til hushaldsabonnentane for levering av avfall.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Abonnentar med kommunal renovasjon	Stk.	6 039	6 429	6 565	6 680	6 813
Abonnentar med heimekomp.	Stk.	743	709	694	672	657
Restavfall	Tonn	1 710	1 862	1 919	2 325	2 196
Våtorganisk avfall	Tonn	1 496	1 382	1 405	1 450	1 564
Papir, papp og drikkekartong	Tonn	1 025	959	948	1 072	945
Plast	Tonn	227	274	246	286	288
Farleg avfall	Tonn	27	26	26	67	52
EE – avfall	Tonn	168	169	169	240	232
Glas og metall	Tonn	154	161	171	166	157

- Kommunen har i 2016 kjøpt nødvendig areal og utarbeida planar for utvidinga av miljøstasjonen på Nærø, men det er ikkje sett av middel til investering i noverande budsjett.



*Frå Pytten. Foto: Anne Lise Norheim*

## Næringsutvikling

Tilgang på byggeklare næringstomter er ein viktig del av næringsarbeidet i kommunen. Det er vedtatt at Skoga næringsområde skal vere kommunen sitt hovudsatsingsområde for industriutbygging framover. Kommunen rådgir også mindre bedrifter/etablerarar om ulike problemstillinger. Byggesaker for næringsbygg vert prioriterte.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Jæren Produktutvikling – prosjekt frå Hå	Stk.	15	9	17	18	25

- Det vart også i 2016 arbeidd aktivt med vidareutvikling av Kviamarka/Grødalandsområdet, særleg med tanke på utnytting av fornybar energi i samarbeid mellom bedriftene, Jæren fjernvarme og andre aktuelle energileverandørar.
- IVAR sitt nye biogassanlegg på Grødalandsområdet vart klar til prøvedrift.
- Oppstart av Grunder Arena Jæren, eit samarbeid mellom Jæren Produktutvikling og kommunen i Jærrådet. Grunder Arena Jæren har lukkast med tilrettelegging, kursing og rådgiving til personer og bedrifter som er i ein oppstartsfasa.
- Smaken av Hå blei gjennomført. I januar inviterte Hå kommune i samarbeid med lokale bedrifter i Hå og Det norske måltid over 150 personer til lunsj. Bakgrunnen er arrangementet «Det norske måltid» i Stavanger. Hå kommune viste seg fram som matkommune i matfylket og gjennom et variert måltid basert på mat frå kommunen har vi nådd ut til elever ved restaurant- og matfag, politikarar og næringslivet. Målet med arrangementet var å synliggjør sammen med industrien mangfaldet i arbeidsplasser som er i primærnæringen og foredlingsindustrien.
- Medlemsskapet i Greater Stavanger gir kommunen eit sterkare verktøy innan næringsutvikling. Gjennom arealguiden får vi marknadsført kommunen sitt næringsliv og næringstomter, slik at det treff næringslivet lokalt, nasjonalt og også utanfor landegrensene. Næringslivet i kommunen og regionen er i endring. I denne tida har medlemskapen i Greater Stavanger vore eit naudsynt verkemiddel for å jobba mot nye merknader og samhandling i næringslivet.
- Det har vore fokus på profilering og marknadsføring av næringsareala i kommunen. Det er bygd opp ei ny nettside kor næringssareala i kommunen er synleggjort. Dei er også profilert på finn.no og arealguiden.no. I tillegg har det også gjennom året annonser i ulike tidskrifter som Næring på Jæren, Rosenkilden og Jærbladet. Kommunen hadde 2 stander under Varhaug messa, den eine som marknadsførte tomter i Stokkalandsmarka og næringstomtene i kommunen, og den andre standen var i saman med «Smaken av Hå».
- I marknadsføring av Stokkalandsmarka har det vore gjort fleire grep. Ein har tatt dronebilder til bruk i marknadsføringa. Det har vore annonser både i lokale mediar som Stavanger Aftenblad og Jærbladet. Tomtene ligg også ute på finn.no. I slutten av året utlyste man 5 tomtar til private utbyggjare. Interessa var stor, og 11 ulike firma meldte sin interesse. Formannskapet vedtok å gi alle de 11 opsjon i 2 år slik at dei kan marknadsføre og selja sine prosjekt. I tillegg vart det selt 6 tomter til sjølvbyggjarar. Det vil bli utarbeida ein marknadsføringsstrategi og eit tilhørande årshjul i løpet av 2017.

## Landbruk

Landbruksnæringa utgjer ein heilt sentral del av næringslivet. Kommunen driv eit aktivt og omfattande arbeid med rådgiving, formidling av tilskot- og støtteordningar og behandling av enkeltsaker slik som nydyrkning, frådeling av areal, konsesjonssøknader mm.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Stk. (søkn)	7	13	11	10	12
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Mill kr	2,42	5,20	4,90	2,35	5,50
Bygdeutviklingsmidl., rentestøtte	Stk.	4	10	7	3	0*
Bygdeutviklingsmidl., rentestøtte	Mill kr	9,50	14,40	17,30	7,00	0*
Produksjonstilskot, jordbruk	Stk.	923	911	882	870	832
Produksjonstilskot, landbruk	Mill kr	113,50	114,50	115,30	118,80	113,10
Avløysing i jordbruket. Ferie og fritid	Stk. (søkn)	442	442	442	436	414
Avløysing i jordbruket. Sjukdom mm.	Stk. (søkn)	111	90	85	74	113
Avløysartilskot, landbruk	Mill kr	24,60	24,70	26,10	26,66	24,78
Produksjonstilskot, kontrollar	Stk.	57	49	47	46	45
Regionalt miljøprogram	Stk. (søkn)	133	162	166	178	186
Regionalt miljøprogram	Mill kr				4,41	5,27
Drenering	Stk.				12	32
Drenering	Mill kr.				0,34	0,51
Areal godkjent for nydyrkning	Daa	431	181	486	341	787
Faktisk dyrka areal	Daa	303	379	319	320	383
Tilskot til miljø- og kulturlandskapstiltak	Mill kr	0,82	0,87	1,30	0,65	1,59
Kommunalt tilskott til nydyrkning	Tusen kr					130,00
Avverking av skog	M <sup>3</sup>				6 570	1 056
Avverking av skog, verdi	Mil kr.				1,62	0,18
Nyplanting skog	Da				9	6
Flaterydding	Da				22	-
Grøfting, bekkerens	Lm				275	-

\* Rentestøtte frå Innovasjon Norge har falt bort.

Kommuneplanen legg sterkt vekt på jordvern. Utbygging på mindre produktive areal i Stokkalandsmarka er prioritert. Det er strenge reglar for bygging i LNF-områda og for omdisponering av landbruksjord til andre formål. Hå kommune skal vidareutviklast som ein av dei største og viktigaste landbrukskommunane i landet. Det har også i 2016 vore:

- Stor aktivitet med bygging av lausdriftsfjos og andre nyinvesteringar.
- Framleis stor interesse for nydyrkning, for grøfting av tidlegare dyrka jord og for å lø og restaurere nye steingardar.
- Utfordringar knytte til gjennomføring av tiltak for oppfylling av vassdirektivet.

Det vart i 2016 gjennomført forvaltningskontroll av kommunen si sakshandsaming av produksjonstilskot. I rapporten konkluderer Fylkesmannen mellom anna med følgjande:

- Kommunen har sett av lite ressursar til forvaltning av oppgåvene på landbruksområdet.
- Kommunen må sikre at det pålagte kontrollarbeidet blir gjennomført på ein forsvarleg måte og med tilstrekkeleg ressursar.

Rådmannen vil prioritere tilskottsordningane i første rekke.

Aktivitet	Eining	2016
Dispensasjon, omdisponering av landbruksareal	Stk.	4
Disp., Samla areal omdisponert	DA	13,90
Disp., Bruksrasjonalisering	DA	-

Det vart i 2016 gitt 4 dispensasjoner for omdisponering av landbruksjord til bustadformål ved bruksrasjonalisering.

## Viltforvalting

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Fellingsløyve rådyr.	Stk.	242	239	248	242	240
Felling rådyr	Stk.	66	69	59	66	44
Fellingsløyve hjort	Stk.	19	20	21	20	22
Felling hjort	Stk.	5	4	5	7	5
Fellingsløyve elg	Stk.	2	2	2	2	-
Felling elg	Stk.	-	-	1	2	-



Rådyr. Foto: Hermund Haugland

# **Kva kan gjerast betre?**

## Digitalisering

Det er eit stor fokus på digitalisering innanfor tenestområdet. Plan- og byggesaksdialog vil verta innført i 2017. Det vil gjera at innbyggjarane og utbyggjarar kan følgja prosessane i saken sin (plan- og byggesaker) via heimesida til kommunen. Kommunen ynskjer å vera ein open kommune kor dokumenta innanfor dette området kan hentast direkte ut frå systemet.

Det er også kjøpt inn eit IT-system for prosjektoppfølging. Dette vil gjera et ein får ein mykje betre oversikt over kostnadsbiletet og framdrift i dei ulike bygge- og anleggsprosjekta. Det vil bli oppretta ei eiga prosjektavdeling innanfor tenesteområdet som vil ha fokus på prosjektoppfølging av dei ulike prosjekta som blir utførte i eigen regi og ved bruk av entreprenørar.

## Sal av kommunale bustadtomter og næringsareal

2016 vart også eit år då fleire store anlegg som har vore under planlegging over mange år, kom til utføring. 6 tomter i Stokkalandsmarka vart selde, og det blei gitt opsjon på 11 tomter til ulike utbyggjarar. Det vart selt næringsareal i Tjemslandsmarka og på Skoga. I økonomiplan 2017-2020 er det på bakgrunn av dagens marknad lagt til grunn ein lågare forventa vekst, samt lågare bustadprogram og inntekt frå sal av bustad og næringsareal.

Kommunen må satse sterkt på sal av tomter og etablering av verksemder i området som kan gje inntekter av desse investeringane og bygge opp under kommunestyret sitt vedtak om å satse på nærings- og bustadutbygging sørover i kommunen. Opsjonsretten til utbyggingsfirma er ein ny måte å selja og marknadsføre tomteareala i Stokkalandsmarka på. Det vert også vedtatt ein prøveordning med utvida byggeklausul på 5 tomter.

I tillegg vil det bli utarbeida ein marknadsføringsstrategi med årshjul på kva for tiltak man skal gjera for å ha stadig fokus på marknadsføring og salsfremmande tiltak.

## Samhandling og kommunikasjon med utbyggjarar og tiltakshavarar

Den nye kommuneplanen gir viktige føresetnader for utbygginga i kommunen. Regelverket gir stramme rammer for bygging i LNF-områda. Det er krav om høg tomteutnytting innanfor eksisterande tettstader samtidig som dei enkelte utbyggingsprosjekta også skal tilfredsstille viktige kvalitettskrav, t.d. når det gjeld areal for uteopphold og leikeplassar. Nye reglar for «eplehagefortetting» medfører ei vesentleg omlegging av regelverket for fortetting innanfor eksisterande einebustadfelt.

Ein god kommunikasjon i ein situasjon med ulike interesser kan vere vanskeleg. Det må derfor arbeidast aktivt med å forbetra denne kommunikasjonsprosessen for hindre unødvendig misnøye og forlenga behandlingstid på enkeltsakene. Kommunen jobbar med utarbeiding av ein kommunikasjonsstrategi, samt også HÆ som er eit klart- språk prosjekt.

# Administrasjonen

I 2016 fortsette vi arbeidet med å møte innbyggjarane på ein betre måte og gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service. Servicetorget er kommunen sitt ansikt ut for alle som vender seg til kommunen, personleg, via e-post og per telefon. Det blir arbeidd mykje for å forbetra interne prosessar slik at tenestene til innbyggjarane blir så gode som mulig. Dei som arbeider i administrasjonen og dei systema og prosessane dei har ansvar for er heilt nødvendige for at drift og tenesteproduksjon skal fungere godt.

## Økonomisk resultat

1000 kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2014	2015	2016	2016 *)	2016
Sentraladministrasjonen	42 502	47 192	50 822	50 774	51 756
Kyrkjer og andre trossamfunn	11 066	11 038	12 880	12 475	12 475
<b>Netto ramme</b>	<b>53 568</b>	<b>58 229</b>	<b>63 702</b>	<b>63 249</b>	<b>64 231</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Der har vært god kontroll med bruken av dei økonomiske ressursane gjennom 2016. Samla ressursbruk er auka i høve til 2015 sidan oppgåver og årsverk er flytta frå tenesteområda og inn i sentraladministrasjonen. Dette gjeld personal- og organisasjonsavdelinga og dokumentsenteret.

## ***Sentraladministrasjonen***

Sentraladministrasjonen leverer tenester innanfor økonomi, rekneskap, løn, personaladministrasjon, leiar- og organisasjonsutvikling, opplæring, servicetorg, kommunikasjon, investering i og drift av IT-løysingar, utstyr og datakommunikasjon, dokumentsenter, innkjøp, samfunnsanalyse, planarbeid, organisering av dei politiske utvalsmøta og gjennomføring av val. I tillegg er eigedomsavdelinga organisert her.

## Mål og prioriterte oppgåver

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å legge til rette for at kommunen leverer dei tenester innbyggjarane skal ha. Det betyr at vi har rett kompetanse på rett stad, at alle tilsette får den løn dei har krav på, at me har gode arkivrutinar, at datasystema fungerer, innsyn, at me har kontroll på økonomien og at alt innanfor IT fungerer som det skal.

## Viktigaste hendingar og resultat

- Folkerøysting  
25. april 2016 gjennomførte me ei folkerøysting om Jæren kommune. Spørsmålet veljarane skulle ta stilling til var: Skal Hå, Klepp og Time saman etablera ein ny Jæren kommune? 74,5% røysta NEI, 23,9% røysta JA og 1,6% røysta blankt. 16- og 17-åringane fekk røysterett. Valdeltakinga var på 60,1%. Blant 16- og 17-åringane var valdeltakinga på heile 71,6%.
- Fortsatt satsing på inkluderande arbeidsliv, reduksjon i sjukefråvær også i 2017.
- Første kull leiarutvikling for 30 leiarar ferdig med gode tilbakemeldingar.
- Betre økonomistyringsverktøy på plass, begynt innføringa av mCash.
- Elektroniske reiserekningar og all timeregistrering elektronisk (nesten!)
- Digitalisering av eigedomsarkivet er ferdig.
- Fullelektronisk arkiv for barnevern er på plass.
- «Internkontroll i Hå» blei utarbeidd og handsama i Arbeidsmiljøutvalet.
- SvarUt er innført.  
SvarUt er ei løysing for å formidle digital post frå kommunale saksarkiv og fagsystem til innbyggjarar, næringsliv, offentlege og private organ. Formålet er å formidle dokument på ein rimeleg, effektiv og sikker måte. Hå har også tatt i bruk SvarInn, noko som gjer det enklare å arkivere og fordele post som er sendt til kommunen via SvarUt.
- Ny strategi for IKT er vedteke.  
Strategien omhandlar ansvar, myndigkeit og roller samt peikar retning for satsing innan IKT i åra framover. Hovudpunktet i dette er følgjande: «*Hå kommune skal bruke IKT som et målrettet verktøy for å oppnå en effektiv tjenesteproduksjon samt gjøre kommunens tjenester tilgjengelige for innbyggere og næringsliv. IKT vil i denne utviklingen både være et mål og et middel. IKT-baserte løsninger som muliggjør innovative løsninger for samhandling og utvikling vil være et mål men samtidig også et middel til å lage nye tjenester og endre måten arbeid blir utført på*»
- Innkjøpsstrategi er på plass.  
Strategien omhandlar ansvar, myndigkeit og roller for innkjøpsarbeidet. Ansvar for å inngå rammeavtalar og kontraktar som gjeld fleire tenesteområde eller stavar ligg sentralt.
- Nye nettsider er på plass.  
Vi fornya nettsidene med både nytt design og nytt innhald. Dette for å gjera informasjonen lettare tilgjengelig og lettare å finna fram i. Samstundes oppgraderte vi løysinga slik at det er betre tilpassa nettbrett, mobiltelefonar

- *Klart språk*

I 2016 sette me i gong eit stort prosjekt for å få klarare språk i Hå kommune. Prosjektet har me kalla HÆ. Me har laga eigen språkprofil, hatt nærmere 300 tilsette på kurs, hatt skriveverkstad og brukartesting. Dette arbeidet skal me fortsetta med i 2017.

## Kva kan gjerast betre

- Halde fram med IA-satsinga. Forsking syner at varig fokus er det viktigaste tiltaket i arbeidet med å redusere sjukefråværet i ei verksemd.
- Fortsette digitalisering som ledd i det å stadig forenkle, effektivisere og redusere risiko for feil. Døme på dette er innføring av byggesaks- og plandialog, overgang til fullelektroniske arkiv og ekspedering
- Innføre heilskapleg verksemddsstyring i Hå. Dette systemet har fått namnet LØFT – prosjektansvaret ligger i sentraladministrasjonen
- Fokus på kompetansebygging på tvers i organisasjonen både når det gjeld innkjøp, dokumentsenter, økonomistyring.

## **Bygg- og eigedomsforvalting**

Hovudoppgåva til avdelinga for bygg- og eigedomsforvaltning er å forvalte og utvikle kommunen sine eigedommar, stå for vedlikehaldet av desse i tillegg til å ha ansvar for byggeleiaroppgåver.

Om lag 140 personer har sin daglige arbeidsplass i eigedomsavdelinga

### Mål og prioriterte oppgåver

Målsettinga er å gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt i tråd med vedtekne budsjett og planar. Likeins skal drift og vedlikehald gjennomførast etter vedtekne budsjett og planer. Eksisterande bygningsmasse må takast i vare og vedlikehaldas på ein slik måte at verdi og funksjon blir tatt i vare og ikkje blir gjort mindre verdefull.

Drift og vedlikehaldsavdelinga bruker IK Bygg som internkontrollsysteem. Systemet er eit svært nyttig reiskap for å avdekka feil og manglar knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine eigedomar. I løpet av 2016 har dei fleste større bygg blitt registrert i systemet og den førebelse oversikta visar eit betydeleg etterslep på vedlikehald. Dette vil bli ein av dei største utfordringane i åra som kjem.

## Viktigaste hendingar og resultat - Bygg

*Tabell over dei største prosjekta i 2016*

1000 NOK	Til og med	2016	Heile prosjektet	
	2015		Løyving	Prognose
Nye Bø Skule	239 470	103 316	370 000	361 000
Nye Ogna Skule	8 863	38 779	190 500	190 020
Vigrestad Barnehage	270	1 472	50 000	50 000
Brusand Barnehage	-	-	44 000	44 000
Motlandsmarka Barnehage	35 500	3 400	39 581	38 900
Hå Folkebibliotek	512	2 948	4 000	4 000
Toalettbypgg Grødal land	37	927	720	970
Hå Kulturtorg	-	48	3 000	3 000
Løa Lensmannsgarden	-	-	1 450	1 400
Avfallshus Lensmannsgarden BH	-	1 232	OK	1 300
Hå sjukeheim	4 370	2 883	167 000	164 500
Rosklia kommunale bustader	375	11 170	11 000	11 545
Gudmestadvegen 22 (Sanering)	-	-	700	650
Påbygg Rådhuset Varhaug	15 367	7 796	23 100	23 100
<b>SUM</b>	<b>304 764</b>	<b>173 971</b>	<b>905 051</b>	<b>894 385</b>

### *Helse og sosial*

- Hå sjukeheim, 2 etasjar med påbygg og ombygging av parkeringsplassen: Dette prosjektet er delt i 2 der arbeidet med parkeringsdelen er ein kontrakt og sjølvé påbygget ein annan. Arbeidet med parkeringsdelen blei tildelt Jærentreprenør i juni 2016. Arbeidet er begynt og er planlagt ferdigstilt i april-mai 2017. Forprosjektet til påbygget blei politisk godkjent 15. desember 2016 og er planlagt lagt ut på DOFFIN i løpet av februar 2017. Påbygget er planlagt ferdigstilt hausten 2018.
- Rosklia forsterka bustader blei ferdigstilt og teke i bruk våren 2016.
- Gudmestadvegen 22. Det blei i kommunestyret 20. oktober 2016 løyvd kr. 700.000,- til riving av bygningsmassen. Anbodsførespurnad er sendt ut og arbeidet vil bli utført våren 2017.

## *Skular*

- Bø skule blei ferdigstilt som planlagt 07. juli 2016 og teken i bruk ved skolestart august 2016. Pr desember 2016 ligg det an til eit mindreforbruk på ca. 9 mill. kroner. Gamle Bø skule vert rive som planlagt og tomta blei overskjøtt til Østerhus AS 1. november 2016. Utgiftene til tomt er ikkje med i denne oversikten.
- Ogna skule: Arbeidet med nye Ogna skule blei tildelt Masiv AS den 04.juli 2016. Arbeidet er godt i gang og forventa ferdigstilling er januar 2018. Arbeidet går etter vedtekne planar.



## *Barnehagar*

- Vigrestad barnehage: I løpet av 2016 har det vert jobba hardt med prosjektering og klargjering av anbodspapir til denne barnehagen. Det er løyvt til 50 mill. kroner til prosjektet. Forprosjektet blei politisk vedteke 15. desember 2016 og lagt ut på DOFFIN for anbod. Frist for å levere anbod er 3. februar 2017.

## *Kulturygg*

- Lensmannsløa. Felles avfallsbygg for Lensmannsløa og barnehagen blei ferdigstilt i desember 2016. Dette var eit rekkefølgjekrav for å få utstedt ferdigattest for løa. Prosjektet blei ca. kr 100.000,- dyrare enn føresett. Arbeid med prosjektering av utvendig HC heis og sprinkling av løa er planlagt våren 2017.
- Toalettbygg ved Grødal land bygdemuseum blei ferdigstilt i desember 2016. Prosjektet blei ca. kr 117.000,- dyrare enn føresett.
- Folkebibliotek Nærø blei ferdigstilt og opna for publikum i juni 2016. Prosjektet gjekk økonomisk i balanse.

- Hå kulturtorg. Arbeidet med forbetring av dette bygget (lyd + brann etc.) blei starta i 2016. Det står framleis att ein del planlegging før fysiske arbeid kan starta. Det er løyvd 3 mill. kroner til dette arbeidet.
- Esso-stasjonen på Ogna: «Gamle Esso-en» vart i 2016 gjort om til bibliotek i samband med bygging av nye Ogna skule. Kostnadane for dette arbeidet ligg inne i kalkylen for det nye skulebygget.

### **Administrasjonsbygg**

- Opprusting Rådhuset Varhaug. Arbeidet med Rådhuset blei ferdigstilt i august 2016. Arbeida med Rådhuset var meir krevjande enn venta og spesielt det elektriske anlegget i bygget var i dårlig stand. I tillegg har kjerneboring ført med seg mykje ekstra arbeid. Økonomisk gjekk prosjektet i balanse. Prosjektet blei og innvilga kr 270.000,- i midlar frå Enova til energisparande løysingar.

### **Viktigaste hendingar i Drifts- og vedlikehaldsavdelinga**

- Nærø ungdomsskule. Bytta utvendig solskjerming og vindauge i lågbygget.
- Vigrestad Barneskole sitt flate tak er etterisolert og tekka på nytt. Rømmingsveg til klasserom over bibliotek er montert ifølge brannkrav og heildekande brannalarmanlegg er montert.
- Varhaug ungdomsskule får fornya heile grøntanlegget. Dette arbeidet pågår og er planlagt ferdig i april 2017.
- Varhaug barneskule har fått oppgradert overvassnettet.
- Breidablikk barnehage har fått nye vindauge, kledning og etterisolering av den gamle delen. Septiktank er fjerna og kloakk er tilkopla offentlig nett. Ny drens og leidningsnett til overvann er og installert.
- Urhei barnehage har fått nytt gjerde rundt heile barnehagen. Det er bytta nokre dører både utvendig og innvendig. Nytt golvbelegg er lagd og elektrisk tavle er renoverert. Varmestyring og innvendige lys er utbetra.
- Fleire bustader er helt eller delvis renoveret innvendig.
- Mindre vedlikehaldsoppgåver er gjennomført i høve til internkontrollsystemet IK Bygg

Vedlikehaldsavdelinga har dette året og vore mykje involvert i oppstarten av nye Bø skule og deltoke i planlegginga av tekniske anlegg og drift for nye Ogna skule.

Det blei i mai 2016 tilsett ny reinhaldsleiar. Vedkommande har ansvar for adle reinhaldarane i kommunen og har bla jobba med reinhaldsplanar og effektivisering av reinhald.

### **Kva kan gjerast betre**

- Frå 2017 tek kommunen i bruk eit eige økonomistyringsprogram for prosjekt. Dette vil gjera styring og rapportering i prosjekta både enklare og meir presist
- Drift og vedlikehald: I løpet av 2016 blei dei fleste større bygg registrert i IK bygg. Dette arbeidet vil halda fram i 2017. Det er avdekt eit stort etterslept i vedlikehald og dette vil bli ei stor utfordring framover.
- Reinhaldsrutinar og oppgåver må reviderast og effektiviserast. Arbeidet er i gang og vil helde fram i 2017.

# Framtidsutsikter

## **Stø kurs, redusert fart**

«*Stø kurs, redusert fart*» er overskrifta for budsjettet 2017 og økonomiplanen 2017-2020.

*Strammare økonomiske rammer gjorde at ein ikkje kunne auke tenestetilbodet i 2017 slik det var lagt opp til i førre plan, og investeringane framover i tid blei kraftig redusert. Fokus er på sambruk og gjenbruk. For å vere i forkant av endringane som kommer har rådmannen sett i gang «Framtidsløftet» med fokus på forenkling, fornying og forbetring. I tillegg til at vi skal arbeide meir effektivt vil dette også gje økonomiske innsparinger.*

## **Visjon og verdiar**

I arbeidet med budsjettet for 2017 og økonomiplanen for 2017 – 2020 har vi lagt stor vekt på visjonen Me løfter i lag. Sambruk og gjenbruk har vore viktig.

Omstilling er nødvendig på alle nivå i organisasjonen. Dette krev kompetanse på endringsleiing. Gjennom leiarforum og leiarutviklingsprogram, etablering av servicetorg, nytenking og innovasjon i heile organisasjonen kan vi saman løfte i lag gjennom verdiane open, driftig og stolt. I 2017 samlar vi alt dette i en strategi – Framtidsløftet. Slik kan vi vere godt rusta til å møte dei moglegeheter og utfordringar vi har i ein vekstcommune.

## **Kva er viktig framover?**

Veksten i folketalet i 2016 var blant dei høgaste i Rogaland med auke på 208 personar, motsvarande 1,1%. Likevel ser vi større utryggleik på grunn av låg vekst, eldrebølga, stor arbeidsløyse, integrering av flyktningar m.m. Dette stiller store krav til omstillingsevne og tenesteproduksjon. Det er viktig å halde på den økonomiske handlefridomen slik det er bestemt i kommuneplanen for perioden 2014 – 2028. Hå kom litt därlegare ut på Kommunebarometeret for 2016 når det gjaldt kvalitet og økonomi samanlikna med andre kommunar. Det er viktig å ha fokus på forbetring og fortsette god økonomistyring.

Driftsresultatet er sett opp i underkant av måltalet om eit driftsresultat på minst 1,5 prosent av dei totale driftsinntektene i økonomiplanperioden 2017-2020. I budsjettbehandlinga ble rammene til administrasjon og ledige stillingar redusert til fordel for fleire stillingar i skule, barnehage og helse. For å balansere budsjettet framover har rådmannen lagt inn krav om reduksjon i utgiftene på til saman 37 millionar kroner i perioden 2018-2020.

Driftsinntektene for 2017 er budsjettet til 1,343 milliard kroner. Driftskostnadane er budsjettet til 1,319 milliard kroner. Netto finanspostar og avskrivningar aukar også slik at budsjettet driftsresultat er på 17,2 millionar kroner.

Dei store investeringane held fram, men summen i økonomiplanperioden er redusert frå 1,292 milliard kroner i 2016-2019 til 891 millionar kroner i 2017-2020. Vi forventar lågare inntekter frå sal av tomter til industri og bustadbygging, og ser ein auke i lånegjeld per

innbyggjar frå 59.700 kroner/innbyggjar til 66.200 kroner/innbyggjar i 2017. Frå 2018 blir dette måltalet redusert kvart år.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, både skatteinngang, rentenivå og faktisk auke i tenesteproduksjon. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag.

## Prioriterte oppgåver i 2017 og i økonomiplanperioden er

- Gjere ferdig nye Ogna skule og starte på arbeidet med nytt bygg på Varhaug skule
- Gjenbruk og sambruk av skule- og barnehagebygg på Vigrestad, bygge om meieriinternatet til bibliotek
- Bygge barnehagar på Vigrestad, Brusand og i Bratlandsmarka
- Fortsette satsinga på å auke den formelle kompetansen blant dei tilsette i barnehage og skule
- Sikre integrering av innvandrarar og andre med særskilde og samansette behov – gi heilskaplege og koordinerte tilbod med omsyn til språk, arbeid, helse og kulturelt/sosialt
- Gjere ferdig påbygget på to etasjar på Hå sjukeheim
- Starte planlegging av nytt helsehus på Nærø mot slutten av planperioden
- Gjere ferdig det pågåande arbeidet i Stokkalandsmarka og legge til rette for nye bustad- og industriområde
- Ytterlegare investering i flaum- og overvassikring
- Satsing på nærmiljø og tettstadsutvikling – sentrumsplan Nærø er godt i gang
- Innføring av heilskapleg verksemderstyring (LØFT) og betre økonomi- og prosjektstyringsverktøy
- Høg fokus på beredskap og systematisk arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyser
- Utarbeide Klima og energiplan



## **Utviklingstrekk**

Utviklingstrekka i samfunnet er viktig for kommunen si vurdering av framtidsutsiktene. Nokre av dei hovudutfordringane vi ser framover er omtalt nedanfor. Desse utfordringane vil vi ta omsyn til når vi vurderer om, eller i kor stor grad planer skal reviderast.

### **Befolkningsutvikling**

Den demografiske utviklinga legger føringar på kommunen si disponering av økonomiske ressursar og er med på å sette rammene for kommunalt utviklingsarbeid. Folkemengd per 31.12.2016 var 18.880 personar, ein auke på 1,1% (208 personar) frå året før.

### **Sysselsetting**

Konjunktur nedgang i oljeindustrien påverkar arbeidsmarknaden i heile regionen. Arbeidsløysa har vore høg i heile 2016, med høgaste tal i februar med 368 heilt ledige og en del på 3,5% av den yrkesaktive del av befolkninga. Samstundes er det viktig å få fram at Hå har lågare arbeidsløyse fordi vi har eit omstillingssyktig næringsliv som ikkje har gjort seg heilt avhengig av «oljå».

### **Folkehelse**

God folkehelse er viktig både for den enkelte innbyggjar og for kommunen som heilskap. Målet for alt folkehelsearbeid er fleire leveår med god helse og utjamning av sosiale helseforskjellar i befolkninga. Helsetilstanden blir betre jo høgare ein er i det sosioøkonomiske hierarkiet. Dette betyr at dårlig resultat på faktorar som for eksempel arbeidsløyse, fråfall i vidaregåande skule og dårlige leseferdigheiter i barneskulen kan resultere i helseproblem.

Å mestre livet er ein viktig føresetnad for ei god psykisk og fysisk helse. Helsefremjande nærmiljø som legg til rette for at ein kan ta del i samfunnet og oppleve sosial støtte er svært viktig. Folkehelse er noko som er viktig for heile organisasjonen og skal vere med på alle einingar sine måltavler i LØFT.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Dei avvik som Fylkesmannen peika på i tilsynet sitt i april 2015 vil bli lukka i første halvår 2017. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysa visar eit overordna risikobilde der hendingane «ekstremnedbør», «pandemi», «skogbrann/utmarksbrann», «skipsfartsulykker» og «terror/sabotasje» utpeikar seg med eit særskilt alvorleg risikobilde. Den overordna og heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysa skal danna eit grunnlag for kommunens prioriteringar i arbeide med å redusera risikoen i samfunnet. Sjå elles kapittel «Dette er Hå».

# Årsresultat

*Resultata frå 2016 syner at kommunen framleis har stø kurs framover. Vi leverer nok eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Der er også utfordringar framover. Nedgangen i næringslivet i regionen pregar også Hå og i 2016 har vi sett låg bustadbygging og auke i talet på personar utan arbeid. Folketilveksten er lågare enn det me trudde på når kommuneplanen blei utarbeida, men med 1,1% er den blant dei høgaste i fylket.*

Driftsresultatet for 2016 blei 81 millionar kroner. Dette er 5,9 % av driftsinntektene og er betre enn forventa på grunn av høgare skatteinngang i landet, høgare tilskot og refusjonar og god økonomistyring i tenesteområda. Disposisjonsfondet er auka med 3 millionar. Overskottet frå 2015 er brukt til investeringar i Stokkalandsmarka. Investeringane var på 436 millionar kroner, ein reduksjon frå nivået i 2015 på 38 millionar kroner. 260 millionar er finansiert ved låneopptak. Netto lånegjeld (utan startlån) pr. 31.12.2016 er 1.009 millionar kroner som motsvarer 53.670 kroner per innbyggjar. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (overskot) er 45 millionar kroner.

## Kommunal drift

Hå kommune ønskjer å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane venter mykje av dei kommunale tenestene, både når det gjeld kvalitet og omfang. I tillegg kommer det nye krav og forventingar frå sentrale styresmakter om vidare utbygging av tilbod innanfor dei ulike tenesteområda. Desse utfordringane har kommunen handtert godt også i 2016. Alle tenesteområda leverer innanfor godkjente budsjetttrammer og har vist stor fleksibilitet og evne til å omstille seg når det er trøng for det.

Tenesteyting er arbeidsintensivt, og vi er godt nøgde med at sjukefråværet fortsetter å gå ned. Den målretta innsatsen for å redusere sjukefråværet er vellukka. Talet på fast tilsette er gått opp med 0,6% medan talet på årsverk utført av desse er gått opp med 1,6%. Det totale talet på utførte årsverk er gått opp med 0,3% til 1.264 årsverk i 2016.

Skatteinngangen blei nesten som regulert budsjettet, men sterkare skattevekst i landet (heile 9,7% auke) gjorde at Hå fekk ein stor auke i inntektsutjamninga. Skatt per innbyggjar i Hå var 86,7% av gjennomsnittet i landet.

Kommunestyret har vedtatt nokre endringar i budsjettet gjennom året for å ta omsyn til nye oppgåver og endringar i inntekter. Det kan likevel vere vanskeleg å si akkurat kor mykje vi får og når utbetaling skjer når det gjeld tilskott og refusjonar. Likeeins kan det vere vanskeleg å seie når eller om planlagde endringar kommer. Der er til dømes utryggleik knytt til når flyktningar blir busett. Samla gjekk tenesteområda omrent i balanse med unntak av tenesteområdet for helse- og sosialsaker. Der fekk vi eit mindreforbruk på 25,6 millionar kroner og dette er del av overskottet på 45 millionar kroner.

## Investering

Kommunen har hatt eit stort investeringsprogram også i 2016. Det er naudsynt å utvikle og bygge opp den kommunale infrastrukturen, slik at vi kan levere effektive og gode tenester til innbyggjarane og fortsatt leggje til rette for bustadbygging og næringsutvikling. Dei store investeringane betyr også auka bruk av lånemidlar. Sjølv om talet for langsiktig gjeld i forhold til driftsinntekter er auka til 72,7% har Hå likevel ein robust balanse. 40% av investeringane i 2016 er ikkje finansiert med lån. Den omfattande tomteutviklinga i Stokkalandsmarka er i gang, Bø skule er ferdigstilt og tatt i bruk og arbeidet med Ogna skule og påbygget på Hå sjukeheim er godt i gang.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

## Vurdering

Regnskapet viser at kommunen har god kontroll på ressursbruken knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Lånegjelda aukar, men kommunen har og ikkje disponerte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å fortsatt ha stor merksemd på god økonomistyring slik at ein kan oppretthalda dagens tenestetilbod og finansiere ein del av investeringane av drifta.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med rekneskapsforskrifta si § 10 den 15. februar 2016. Rekneskapen gjer eit dekkande bilet av Hå kommune sin økonomiske situasjon og resultat av verksemda i 2016. Hå kommune blir revidert av Rogaland Revisjon IKS.



Anne Berit Berge Ims

Rådmann



Bente C Iversen

Økonomisjef

## **Statlege rammevilkår**

Den største delen av inntektene til kommunen er skatt og rammetilskot. I 2016 var dette om lag to tredelar av driftsinntektene.

Rammetilskotet er fast om ikkje styresmaktene vedtek endringar i form meir eller mindre finansiering knytt til bestemte saker.

Skatteinngangen vil variere med talet på skattytarar og inntektsnivået deira. Den delen kommunen får behalda av innbetalt skatt på inntekt og formue kallast skatteøre. Dette var 11,85% i 2016, uendra frå 2015. Dersom skatteinngangen per innbyggjar er lågare enn landsgjennomsnittet vil kommunen få utbetalt inntektsutjamnande tilskot. Det betyr kommunen får meir inntekter som blir finansiert av dei kommunane med høgare skatteinngang enn landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga blir betalt ut saman med rammetilskottet.

I høve til 2015 så auka skatteinngangen med 7,14% og rammetilskott (inkludert inntektsutjamning) auka med 3,99%. Skatt per innbyggjar rekna 1.januar i året blei kr 25.172 i 2016 noko som er 6,8% meir enn i 2015.

Skatteinngangen blei 0,7% høgare enn regulert budsjett. Sidan skatteinngangen per innbyggjar var 86,7% av landsgjennomsnittet fekk Hå meir i inntektsutjamning og summen av skatt og rammetilskott blei 2,9% høgare enn justert budsjett. Skatteutjamninga tok skatteinngangen per innbyggjar opp til 94,5% av gjennomsnittet i landet.

Likningsår	2011	2012	2013	2014	2015
Talet på skattytarar med skatt, forskottsordninga	12 966	13 244	13 661	13 969	14 209
Talet på innanbygd arbeidsgjevarar	518	530	556	568	558

Bokføringsår	2012	2013	2014	2015	2015
Innbetalt skatt/avgift (millionar.)	1 717	1 848	1 947	2 013	2 034
Hå kommune sin del (millionar.)	380	407	425	437	468

Tabellen under viser totale driftsinntekter. Andre inntekter inkluderer brukar- og eigenbetalingar samt tilskot og refusjonar frå stat og andre kommunar.

Driftsinntekter millionar kroner	2012	2013	2014	2015	2016
Skatt	379,6	407,3	425	436,8	468,0
Rammetilskott	357,6	383,4	399,1	435,9	453,3
Vertskommunetilskott	43,5	43,5	40,5	40,3	36,1
Andre inntekter	336,0	354,4	361,4	383,3	432,73
<b>Sum</b>	<b>1116,7</b>	<b>1188,6</b>	<b>1226,0</b>	<b>1 296,3</b>	<b>1 390,1</b>

## Driftsrekneskap

Kommuneplanen sine mål for økonomistyring blei nådd i 2016:

- Driftsresultatet er på 5,9 % mot målet på 1,5%.
- Der er auke i ubundne fondsmidlar på 3 millionar kroner slik at disposisjonsfondet ved utgangen av 2016 er på 184 millionar kroner eller 13,3% av driftsinntektene.
- Låneopptaket er innafor forsvarlege rammer. Netto langsiktig lånegjeld er 72,7%<sup>1</sup> av driftsinntektene. Målet i kommuneplanen er at dette forholdstalet skal vere innanfor 60%. 40 % av investeringane er eigenfinansiert. Netto finanskostnadene utgjer 2,5% av driftsinntektene. Avskrivingar er framleis høgare enn betalte avdrag.
- Kontrollert vekst i driftsutgiftene. Alle rammeområda har halde budsjetttrammene sine med endringar vedtatt gjennom året. Oppgåvene blir fleire, men ein del av auken blir følgt av finansiering frå staten. Det er likevel ei stor utfordring å planleggja sidan det er uvisst når for eksempel flyktningar kommer eller kor mange ressurskrevjande brukarar det blir. Skatteinngangen er også uviss sjølv om denne utryggleiken blir dempa av inntektsutjamninga. Dette syner at kommunen har ein effektiv ressursbruk.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter. Sjølvkostområda går i balanse med ein svak oppbygging av fond. Dette er bunde fond som gjer at prisane kan haldast låge framover. Hå er framleis blant dei 10 kommunane i landet som har lågaste gebyr og avgifter.

I alle tabellar og analyser tar vi i tillegg til resultat for førre år også med budsjett for 2016 med og utan vedtekne endringar. Dette reflekterer det som var planlagt og vedteke av politikarane i budsjettet med godkjente endringar gjennom året. Fullstendig årsrekneskap fins i eige dokument.

### Hovudtal

Millionar kroner	Rekneskap					Budsjett	
	2012	2013	2014	2015	2016	2016 *)	2016
Driftsinntekter	1 117,0	1 187,0	1 226,0	1 296,0	1 390,2	1 295,6	1 294,8
Driftsutgifter	1 021,0	1 141,0	-1 195,0	-1 243,0	-1 327,0	-1 322,8	-1 285,9
Finansposter	-5,0	-4,0	-6,0	-18,0	-35,3	-34,0	-39,9
<b>Driftsresultat</b>	<b>90,0</b>	<b>84,0</b>	<b>71,0</b>	<b>86,0</b>	<b>81,3</b>	<b>-7,8</b>	<b>19,7</b>
Avsetningar	-77,9	-66,0	-38,0	-51,0	-37,0	7,8	-19,7
Overskott	12,0	18,0	33,0	34,0	45,5	-	-
<b>Driftsresultat i % driftsinntekter</b>	<b>8,1 %</b>	<b>7,1 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>1,5 %</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Driftsresultat i 2012 og 2013 inneheld MVA kompensasjon for investeringar.

<sup>1</sup> Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekte frå.

## **Kommentarar til dei ulike postane:**

### **Skatt, rammetilskott og skatteutjamning**

I høve til 2015 så auka skatteinngangen med 31,7 millionar kroner (7,14%) og rammetilskottet (inkludert inntektsutjamning) auka med 17,4 millionar kroner, motsvarande 4%. Samla auke var 48,6 millionar kroner (5,6%).

Skatteinngangen blei 3,1 millionar kroner (0,7%) høgare enn regulert budsjett. Sidan skatteinngangen per innbyggjar var 86,7% av landsgjennomsnittet fekk Hå 22,6 millionar kroner meir i inntektsutjamning. Summen av skatt og rammetilskott blei 25,7 millionar kroner høgare, motsvarande 2,9%, enn justert budsjett.

### **Overføringer**

Samla auka dette med 63 millionar frå 2015. Mesteparten av dette er knytt til bestemte føremål slik som sjukepengar, moms-refusjon og tilskott til bestemte tenester eller føremål. Sjukepengerefusjonen auka med 27% - den største delen av dette er knytt til fødsels- og adopsjonspengar.

### **Andre inntekter og kostnader**

Brutto lønnsutgifter inkludert sosiale kostnader var 958,6 millionar kroner, motsvarande 72,2%, av driftskostnadane inkludert avskriving, opp frå 71,6% i 2015. Tar ein omsyn til sjukelønsrefusjonar er lønn 68,4% av driftskostnadane. Netto lønnskostnadar er lågare enn i 2015 noko som er eit resultat av at omstillinga for 2017 tok til hausten 2016.

I sum er driftsutgiftene om lag som budsjettet og om lag 83 millionar høgare enn i 2015

I sum betyr dette at om lag 32 millionar kroner av driftsresultatet skuldast auka inntekter i form av tilskott, refusjonar, eigenbetalingar og gebyr. Om lag 29 millionar kroner skuldast mindreforbruk i tenesteområda.

### **Finans**

Finansutgiftene auka i forhold til 2015 som følgje av høgare lånegjeld.

### **Avsetning til og bruk av fond**

Netto avsetning til fond gjennom året var 36,7 millionar kroner, 14,5 millionar mindre enn i 2015. Overskottet frå 2015 blei brukt til investeringar i Stokkalandsmarka. Der er avsett 4 millionar kroner meir til investeringar enn i 2015, dette er som budsjettet.

### **Rekneskapsmessig mindreforbruk (Overskott)**

Hovudårsakene til overskottet på 45 millionar kroner er mindreforbruk i tenesteområdet for Helse- og sosialsaker og ekstra skatteutjamningsmidlar.

Kostnadsutviklinga i rammeområda er vist i tabellane nedanfor.

## Oversikt over driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivingar slik det kommer fram i driftsrekneskapen. Her er ikkje bruk av eller avsetning til fond tatt med. Tala er også korrigert for interne overføringer.

Driftsutgifter	2012	2013	2014	2015	2016
Sektor i 1000 kr			Brutto driftsutgifter		
Politisk	7 939	8 722	7 738	9 464	9 326
Sentraladministrasjonen	37 223	39 894	40 971	46 788	48 217
Opplæring og kultur	487 603	516 392	557 630	574 308	613 384
Helse og sosial	443 441	471 151	494 643	496 819	546 439
Kyrkje	10 451	10 389	11 221	11 179	12 989
Teknisk og næring	91 951	103 056	114 839	113 748	114 808
Ymse	-18 951	-8 203	-32 022	-8 900	-18 207
<b>Sum</b>	<b>1 059 657</b>	<b>1 141 401</b>	<b>1 195 018</b>	<b>1 243 406</b>	<b>1 326 956</b>

Sentraladministrasjonen har størst auke i utgiftene frå 2015, men dette er fordi oppgåver er flytta frå tenesteområda inn til dokumentsenter og personal- og organisasjonsavdelinga. Variasjonen i premieavviket er ei av hovudårsakene til at utgiftene under «ymse» varierer så mykje frå år til år.

## Investering

I 2016 blei det ført 435,6 millionar kroner i investeringsutgifter i rekneskapen. Dette er 37,7 millionar kroner mindre enn i 2015. Endra budsjett var på 405,8 millionar kroner medan opphavleg budsjett var 422,5 millionar. Hovudårsakene til at investeringsutgiftene blei høgare enn budsjettet er regnskapstekniske føringar i forbindelse med kjøp og sal av tomt til Bø skule. Nokre prosjekt (til dømes Hå sjukeheim og Ogna skule) har fått reduserte løyvingar i 2016 i samsvar med lågare investeringsutgifter i året enn opphavleg budsjettet. Totale løyvingar for prosjekta er ikkje redusert.

Kommunerekneskap må førast med årlige løyvingar for investering og lånepoptak. Dette gjer at det blir endringar i høve til årets budsjett på grunn endringar i framdrift, at prosjekt vert utsett og andre omprioriteringar. Prosjekt som går over fleire år kan få fleire justeringar sjølv om totalkostnaden ikkje endrast.

### Investering per område

1000 kroner	2012	2013	2014	2015	2016	Budsjett 2016 *)
Sentral mm	4 859	1 371	1 746	19 915	13 453	11 174
Opplæring og kultur	52 641	38 056	48 716	231 454	193 265	193 780
Helse og sosial	58 824	76 676	44 465	37 247	35 626	35 855
Kyrkje	0	500	638	2 008	8 458	5 625
Teknisk og næring	59 247	54 507	82 988	182 627	184 781	159 319
<b>Sum</b>	<b>175 571</b>	<b>171 110</b>	<b>178 553</b>	<b>473 251</b>	<b>435 583</b>	<b>405 753</b>

\*) med godkjente endringar

## *Dei største prosjekta i 2016*

Millionar kroner	Total kost	2016	Ferdig
Ombygging Rådhuset	23,0	8,0	2016
IT		9,0	
Vegar, trafikksikring og sentrumsutvikling		40,0	
Vatn, kloakk, reinseanlegg		38,0	
Stokkalandsmarka	143,0	21,0	2017
Industriområde/bustadområde		49,0	
Rosklia forsterka bustader	11,0	11,0	2016
Hå sjukeheim påbygg	167,0	13,0	2018
Bø skule	370,0	103,0	2016
Ogna skule	191,0	39,0	2018
Hå folkebibliotek	4,0	4,0	2016

## Finansiering

Investeringane blir betalt ved låneopptak, salsinntekter, bruk av fond og overføring over driftsbudsjetter. Meirverdiavgift på investering blir refundert og kommer òg fram som ei inntekt.

Opphavleg investeringsbudsjett var på 422,5 millionar kronar med eit lånepunkt på 279,3 millionar kroner. Faktisk lånepunkt var 259,9 millionar kroner. Differansen skuldast flytting av lånepunkt som er frå 2016 til 2017 og frå 2015 til 2016. Dette skjer på grunn av kravet om årlege løvingar og at framdrift og finansiering på prosjekt derfor endrast i forhold til opphavleg vedtak.

Inntekter ved tomtesal var på 7,8 millionar kroner i 2016. Opphavleg budsjett var 66,8 millionar kroner, og regulert budsjett er 22,2 millionar kroner. Salsinntekt er budsjettert lagt til Tomtefondet. Når det er lite sal, blir det tilsvarende lite lagt i fondet. Tomtefondet var 17 millionar kroner pr. 31.12.2015 og dette blei tömt i 2016 for å dekka dei manglande salsinntektene. Saldo pr. 31.12.2016 er altså 0.

## Frå balansen

I balansen ser vi at dei store investeringane aukar balansen frå 2015 til 2016 med 358 millionar kroner etter avskrivningar. Anleggsmidlane (inkl. pensjonsmidlar) samla aukar med 387 millionar kroner. Langsiktig gjeld aukar med 193 millionar kroner på grunn av lånepunkt til investeringane. Netto auke i fond er 3 millionar kroner. Jamfør elles note 1 og 2 og dokumentet «Årsrekneskap 2016».

## Balanse pr. 31. desember 2016

Eigendelar	Note	2012	2013	2014	2015	2016
Eigedom etc.		1 298	1 412	1 541	1 938	2 296
Utlån og aksjar		221	231	231	229	214
Pensjonsmidlar		903	998	1 114	1 215	1 258
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>2 422</b>	<b>2 641</b>	<b>2 886</b>	<b>3 382</b>	<b>3 769</b>
Premieavvik		39	41	62	52	58
Andre omløpsmidlar		450	490	548	616	627
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>489</b>	<b>530</b>	<b>610</b>	<b>668</b>	<b>685</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>5 333</b>	<b>5 813</b>	<b>6 382</b>	<b>7 432</b>	<b>8 222</b>
Udisponert overskott		12	18	33	35	45
Fond	1,2	270	297	325	351	354
Annan eigenkapital		787	821	908	1 051	1 154
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 070</b>	<b>1 136</b>	<b>1 267</b>	<b>1 436</b>	<b>1 552</b>
Kortsiktig gjeld		148	170	179	204	215
Pensjonsforpliktingar		1 203	1 331	1 439	1 508	1 591
Langsiktig gjeld		490	534	612	902	1 095
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 841</b>	<b>2 036</b>	<b>2 229</b>	<b>2 614</b>	<b>2 901</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>2 911</b>	<b>3 172</b>	<b>3 496</b>	<b>4 050</b>	<b>4 453</b>

Tal i millionar kroner

## Finans

Summen av renteinntekter, -utgifter og utbytte i driftsrekneskapen var 14,5 millionar kroner i 2016 mot 20,4 millionar kroner i 2015. Svekkinga skuldast i hovudsak lågare renter på bankinnskott. Avdrag på lån auka frå 38,5 millionar kroner i 2015 til 49,6 millionar kroner i 2016. Sum finansposter blei dermed redusert med nesten 17 millionar kroner i 2016 i forhold til 2015. Jamfør eigen rapport om finansforvaltninga.

I 2016 blei det utbetalt 7,8 millionar kroner i formidlingslån (lån til vidare utlån til huskjøparar eller husbyggjarar). Tilsvarande var utlånet i 2015 på 7,6 millionar kroner. For 2016 var det budsjettert med opptak av lån på 15 millionar kr i Husbanken til vidare utlån. Ein valte å ikkje ta opp meir lån i 2016 sidan ein framleis har igjen ubrukte lånemidlar Etterspurnaden var lågare enn budsjettet. Årsaka til dette er lågare aktivitet i byggmarknaden/ husomsetjinga i 2016. Det var ikkje bokførte tap på formidlingslån i 2016. På grunn lågare etterspurnad og ekstraordinære innbetalingar gjekk lån til utlån ned frå 101,8 millionar kroner pr. 31.12.2015 til 84,7 millionar kroner pr. 31.12.2016.

Kommunen sine eigne lån auka frå 798,7 millionar kroner i 2015 til 1 009 millionar kroner i 2016.

## Gjeld

Gjeld pr. 31.12	2012	2013	2014	2015	2016
Langsiktig/kortsiktig gjeld *)	637,8	704,2	790,7	1 106,0	1 309,8
Omløpsmidlar	488,9	530,5	610,2	668,4	684,9
Netto gjeld	148,9	173,7	180,5	437,6	624,9
<b>Langsiktig lånegjeld</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Brutto samla lån*	489,7	534,1	612,0	900,5	1 093,8
Lån til utlån	84,6	93,4	100,8	101,8	84,7
Netto samla lån	405,1	440,7	511,2	798,7	1009,1
Brutto pr. innbyggjar 31.12 i kr	27 770	29 480	33 030	48 440	58 180
Netto pr. innbyggjar 31.12 i kr	22 970	24 330	27 590	42 960	53 675

Tal i millionar kroner.

\*eksl. pensjonsgjeld

## Overskot

I det kommunale budsjett- og rekneskapssystemet skal budsjettet gå i balanse, det skal ikkje budsjetterast med overskot. Rekneskapsmessige meirinntekter og mindreutgifter jamført med budsjettet gjev eit over- eller underskot og det er høve til å gi løyve til at udisponerte midlar kan førast over frå eit år til eit anna via fond. I Hå avgjer kommunestyret i eigne saker i desember om og eventuelt storleik på midlar som kan førast over til neste år. Ved avslutning av rekneskapen blir endelige overføringer gjort.

Ei nærmare analyse av hovudoversyna i årsrekneskapen viser ei meirinntekt i driftsrekneskapen 2016 jamført med justert budsjett på 94,5 millionar kroner, meirutgifter på 4,2 millionar kroner og 1,2 millionar kroner svakare finansresultat enn endra budsjett. Dette gir samla eit netto driftsresultat på 81,3 millionar kroner mot endra budsjett på -7,8 millionar kroner. Opphavleg budsjett var eit driftsresultat på 19,7 millionar kroner.

Når ein tar omsyn til netto avsetningar, overføringer til investeringsrekneskapen og dei godkjende overføringane til 2017 på 36,7 millionar kroner kjem 44,6 millionar kroner fram som udisponert årsoverskot.

## Finansieringsanalyse

Drift:	Note	Rekneskap				Budsjett *)
		2013	2014	2015	2016	2016
Skatt		407 268	424 985	436 779	467 976	464 847
Rammetilskott (inkl. inntektsutj.)		426 901	399 120	435 909	453 318	430 707
Andre inntekter		354 397	401 895	423 614	468 859	400 095
Sum driftsinntekter	3	1 188 566	1 226 000	1 296 302	1 390 153	1 295 649
Sum driftsutgifter	4	-1 100 366	-1 148 507	1 192 372	1 273 584	1 322 803
Avskrivningar		-41 034	-46 513	-51 060	-53 369	53 369
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>47 166</b>	<b>30 980</b>	<b>52 870</b>	<b>63 200</b>	<b>-27 154</b>
Netto renteinntekter , utbytte	5	22 315	23 331	20 348	14 325	14 568
Netto avdrag, utlån	6	-26 340	-29 473	-38 479	-49 592	-48 590
Avskrivningar, motpost		41 034	46 513	51 060	53 369	53 369
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>84 175</b>	<b>71 351</b>	<b>85 799</b>	<b>81 302</b>	<b>-7 807</b>
<b>Investering:</b>		<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	
Brutto investeringsutg.		-171 111	-178 972	-473 254	-435 583	-405 753
Utlån/kjøp av andelar		-25 093	-20 083	-18 873	-10 969	-33 032
Avdrag		-9 927	-10 828	-16 191	-17 226	-16 191
Tilsk., ref, e.ord.utb/avdrag, mva		29 525	89 054	97 692	89 372	100 589
<b>Netto investeringsutg.</b>		<b>-176 606</b>	<b>-120 829</b>	<b>-410 626</b>	<b>-374 406</b>	<b>-354 387</b>
<b>Finansiert ved:</b>		<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	
Lån		94 070	90 300	338 284	267 303	274 922
Sal av eigedom		31 344	2 364	13 059	30 212	22 150
Andre eigne midlar		51 192	28 165	59 283	79 891	57 315
<b>Sum finansiering</b>		<b>176 606</b>	<b>120 829</b>	<b>410 626</b>	<b>377 406</b>	<b>354 387</b>
Endring i arb. kap før korrigeringar		32 983	43 187	26 517	13 174	
Endring ubrukte lån		-13 383	27 900	6 080	-7 381	
<b>Endring arbeidskapital</b>		<b>19 600</b>	<b>71 087</b>	<b>32 597</b>	<b>5 793</b>	
<b>Kommunalt rekneskapsresultat:</b>		<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	
Endring arbeidskapital		19 600	71 087	32 597	5 793	
Endring ubrukte lån		13 383	-27 900	-6 080	7 381	
Netto intern finansiering	7	-14 861	-9 951	8 026	31 381	
<b>Overskott for året</b>		<b>18 122</b>	<b>33 236</b>	<b>34 543</b>	<b>44 555</b>	

Tal i 1000 kr

\*) Med godkjente endringar

# Noter til årsresultatet

## Note 1

### Fond

Tall i mill. kr	2013	2014	2015	2016
2.51 Bundne driftsfond	40,1	40,4	39,9	43,8
2.55 Bundne kapitalfond	7,2	11,6	12,1	8,6
<b>Fond bunde til bestemte formål</b>	<b>47,3</b>	<b>52</b>	<b>52,0</b>	<b>52,4</b>
2.53 Ubundne kapitalfond	126,6	128	118	117,1
<b>Fond bunde til kapitalformål</b>	<b>126,6</b>	<b>128</b>	<b>118,0</b>	<b>117,1</b>
2.56 Disposisjonsfond drift	91,9	95,8	104,9	105,8
2.57 Disposisjonsfond kapital	31,5	49,7	75,8	78,6
Ubundne fond	123,4	145,5	180,7	184,4
<b>Fond i alt 31.12.</b>	<b>297,3</b>	<b>325,5</b>	<b>350,7</b>	<b>353,9</b>

Tal i mill. kr

## Note 2

### Disposisjonsfond pr. 31. desember

Disposisjonsfond	Driftsrekneskap			
	2013	2014	2015	2016
Sentral	5,1	5,9	2,1	2,9
Opplæring og kultur	10,7	12,6	14,7	9,3
Helse og sosial	17,4	17,6	29,8	38,5
Teknisk og næring	9,3	10,3	12,2	11,7
Felles	49,4	49,4	46,1	43,4
<b>Sum</b>	<b>91,9</b>	<b>95,8</b>	<b>104,9</b>	<b>105,8</b>

Tal i mill. kr

## Note 3

### Inntektspostar

Inntektsposter	I mill. Kr				I prosent			
	2013	2014	2015	2016	2013	2014	2015	2016
Skatt	407,3	425	436,8	468,0	34,3	34,7	33,7	33,7
Rammetilskott	383,4	399,1	435,9	453,3	32,2	32,6	33,6	32,6
Vertskommunetilskott	43,5	40,5	40,3	36,1	3,7	3,3	3,1	2,6
Andre inntekter	354,4	361,4	383,3	432,8	29,8	29,4	29,6	31,1
<b>Sum</b>	<b>1188,6</b>	<b>1226</b>	<b>1296,3</b>	<b>1 390,2</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>

Tal i mill. kr

## Note 4

### Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap (inkl. fordelte utgifter):

Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap	I mill. Kr				I prosent			
	2013	2014	2015	2016	2013	2014	2015	2016
Løn inkl. sos. utg.	796	839,2	890,2	958,6	71,1	71,7	73,4	73,6
Varer/ten. i produksjonen*	160,2	161,5	163,7	169,2	14,3	13,8	13,5	13,0
Varer/ten. som erstattar pr.**	67,7	74,3	75,2	79,1	6	6,4	6,2	6,1
Overføringsutgifter	96,1	94,5	83,7	96,0	8,6	8,1	6,9	7,4
<b>Sum</b>	<b>1 120,0</b>	<b>1 169,5</b>	<b>1 212,8</b>	<b>1 302,9</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>

Tal i mill. kr

\* som inngår i eigen tenesteproduksjon \*\* som erstattar eigen tenesteproduksjon

## Note 5

### Renter

Renter	2013	2014	2015	2016
Renteinntekter driftsrekneskapen	13,8	16,1	14,7	12,5
Rente/utbytte Lyse Energi/JEV driftsrekn.	21,8	21,9	23,3	22,5
Renteutgifter driftsrekneskapen	-13,3	-14,7	-17,4	-20,5
<b>Netto renteinntekter driftsrekneskapen</b>	<b>22,3</b>	<b>23,3</b>	<b>20,6</b>	<b>14,5</b>

Tal i mill. kr

## Note 6

### Avdrag lån

Avdrag lån	2013	2014	2015	2016
Avdrag driftsrekneskapen	26,3	29,5	38,5	49,6
Mottatte avdrag driftsrekneskapen	0	0	0	0
Netto avdrag driftsrekneskapen	26,3	29,5	38,5	49,6
Mottatte avdrag kapitalrekneskapen	-15,1	-20,3	-20,6	-17,3
Avdrag kapitalrekneskapen	3	4,2	5,2	5,7
Avsett/bet. e.ord. avdrag kapitalrekn.	6,6	11	11,4	7,6
<b>Netto avdrag i alt</b>	<b>20,8</b>	<b>24,4</b>	<b>34,5</b>	<b>45,6</b>

Tal i mill. kr

## Note 7

### Netto intern finansiering

Netto intern finansiering	2013	2014	2015	2016
Endring fond	27	28,1	25,2	3,2
Endring likv.res / rekneskapsprins.	0	0	0	0
Bruk av tidlegare overskott	-12,1	-18,1	-33,2	-34,5
<b>Netto intern finansiering</b>	<b>14,9</b>	<b>10</b>	<b>-8</b>	<b>-31,3</b>

Tal i mill. kr

Årsmelding 2016

